



Renovasjon og feiing

Kommunane Fyresdal, Kviteeid, Seljord, Tokke og Vinje

2019 :: 750 018

[Klikk her for å få tips til
å lese dokumentet
elektronisk](#)

Innhold

Samandrag	4
1 Innleiing.....	7
1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet.....	7
1.2 Bakgrunn.....	7
1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium	8
1.4 Avgrensing	9
1.5 Metode og kvalitetssikring.....	9
1.6 Høyring	10
2 Forskrift om hushaldsavfall	11
2.1 Fakta om den lokale forskrifta om avfall og slam	11
3 Sjølvkost i Renovest IKS	19
3.1 Fakta om	19
3.2 Revisor si vurdering av sjølvkost i Renovest.....	29
4 Gebyrberekning i kommunane	31
4.1 Fakta om gebyrberekning i kommunane.....	31
5 Forskrift om feiing og tilsyn	41
5.1 Fakta om forskrift om feiing.....	41
5.2 Revisor si vurdering av feieforskrifta	43
6 Oppfølging av tidlegare selskapskontroll	45
6.1 Revisjonskriterium.....	45
6.2 Oppfølging av kommunestyra sine vedtak.....	45
6.3 Revisor si vurdering av oppfølging av tidlegare selskapskontroll	50
7 Konklusjonar og tilrådingar	53
7.1 Konklusjonar	53
7.2 Tilrådingar.....	55
Litteratur og kjeldereferansar	56
Vedlegg 1: Høyringsuttale frå kommunane og selskapa.....	57
Vedlegg 2: Revisjonskriterium.....	63
Lokal avfallsforskrift - heimelsgrunnlag	63
Sjølvkost - renovasjon.....	65
Gebyrberekning - renovasjonsgebyr	68
Feieforskrift - heimelsgrunnlag.....	72
Oppfølging etter forvaltningsrevisjon	73
Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring	75
Les du dokumentet elektronisk?	78
For PC, android nettbrett eller Mac.....	78
Lese på iPad?.....	78

Foto framside: Dag Oftung

Samandrag

Bestilling og bakgrunn

Kontrollutvalet i Vinje kommune tok i møte 7. mai 2018 initiativ til ein felles forvaltningsrevisjon/selskapskontroll med fleire ulike problemstillingar rundt handtering av sjølvkost. Bestillinga kjem frå kontrollutvala i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje.

Vi har undersøkt følgjande problemstillingar:

Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

Forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget. Det er ein intensjon i regelverket at avfallsgebyret for den einskilde så langt som mogleg skal spegle det det kostar å gi tenesta til den enkelte eigedom. Kommunane har likevel høve til å bestemme at det skal vere lik pris for alle eigedomskategoriar, slik ein har bestemt her.

Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:

- Kommunane har ikkje høve til å gi Renovest IKS forskriftsmynde.
- Det er ikkje høve til å differensiere gebyra ut frå sosiale omsyn eller formål.
Gratis ekstra sekk for bleietrengande skal ikkje finansierast av avfallsgebyra, og denne prisdifferensieringa er såleis ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget.

I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost, og er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande krav?

Etter vår vurdering følgjer Renovest IKS i hovudsak reglane om sjølvkost.

Selskapet sin praksis med sjølvkostfond er ikkje i tråd med regelverket. Handtering av fond bør så langt det er praktisk mogleg bli tilpassa regelverket.

Selskapet bør gjere eit skilje i rekneskapen mellom kostnader og inntekter som gjeld handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegg i kommunane.

Fordelinga av kostnadene mellom kommunane er etter vår vurdering i tråd med regelverket.

I kva grad skjer gebyrberekninga i kommunane i tråd med regelverket?

Etter vår vurdering skjer gebyrberekninga i dei kommunane vi har undersøkt i all hovudsak i tråd med regelverket.

Er forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

Forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg m.mv. er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget.

Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:

- Kommunane har ikkje høve til å gi Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS heimel til å endre forskrifta.
- Det er ikkje heimel til å gjere generelt unntak for fritidsbustader på grunn av avstand frå bilveg.
- Det er ikkje høve til å ha reglar om gebyrplikt for byggverk som ikkje har eldstad.

I kva grad er kommunestyra sine vedtak etter forvaltningsrevisjonen om sjølvkost på feietenester følgt opp?

Vedtak som gjaldt Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS

Vedtaka i kommunestyra etter forvaltningsrevisjonen om sjølvkost på feietenester er i liten grad følgt opp.

- Kommunane/eigarrepresentantane har ikkje formidla vedtaka til selskapet.
- Styret i selskapet har handsama rapporten som referatsak. Styret har ikkje gjort tiltak for å sikra oppfølging av føringane frå eigarkommunane.
- Selskapet har berre i mindre grad følgt opp dei anbefalingane som kommunestyra i alle eigarkommunane har vedteke.

Vedtak som gjaldt kommunane

Vedtak i Kviteseid kommune

Kviteseid kommune har etter vår vurdering følgt opp kommunestyret sitt vedtak i sak 73/17.

Vedtak i Tokke kommune

Tokke kommune har følgt opp kommunestyret sitt vedtak i sak 17/64, bortsett frå at spørsmålet om føring av memoriakonto for framførbart underskott frå 2016 ikkje er avklart.

Vedtak i Vinje kommune

Etter vår vurdering har Vinje kommune følgt opp vedtaket i kommunestyresak 24/18.

Grunnlaget for berekning av dei indirekte kostnadene skjer no i samsvar med
Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenster (H3/14)

Tilrådingar

Vi meiner at kommunane bør sørge for:

- at forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.
- at sjølvkostfond i Renovest IKS så langt det er praktisk mogleg blir handsama i samsvar med reglane om sjølvkost.
- at Renovest IKS gjer eit tydeleg rekneskapsmessig skilje mellom handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.
- at lokale forskrifter om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje blir i tråd med heimelsgrunnlaget.
- at vedtaka i kommunestyra om handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapport *433 006 Brannvern-samarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost på feietenester* blir følgt opp.

Skien 21. mars 2019

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Vinje kommune tok i møte 7. mai 2018 initiativet til ein forvaltningsrevisjon/selskapskontroll med fleire ulike problemstillingar rundt handtering av sjølvkost. Det var særleg fokus på avfallsområdet. Kontrollutvala i dei andre kommunane som er eigrarar av Renovest IKS blei inviterte til å vere med på revisjonen.

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvala i dei respektive kommunane i følgjande saker:

Kommune	Saksnr i KU
Fyresdal	14/18
Kviteseid	13/18
Seljord	19/18
Tokke	16/18
Vinje	16/18

Heimel for forvaltningsrevisjon i kommunen er gitt i kommunelova § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3. Heimel for forvaltningsrevisjon i selskap og rett til innsyn i selskap følgjer av kontrollutvals-forskrifta kapittel 6 og kommunelova § 80.

1.2 Bakgrunn

Renovasjon

Kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje har vedteke lokale forskrifter om avfallshandtering og om feiing og tilsyn. Forskrifter som regulerer plikter for ein ubestemt krets av personar, krev heimel i lov. I desse tilfella er det forureiningslova og brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter som er aktuelt heimelsgrunnlag. Innhaldet i forskriftene må vere i tråd med heimelsgrunnlaget.

Etter forureiningslova § 30 pliktar kommunen å sørge for innsamling av hushaldsavfall og mottak av farlig avfall frå innbyggjarane. Ingen kan samle inn hushaldsavfall utan etter samtykke frå kommunen. I tillegg skal kommunen sørge for anlegg for opplag eller handsaming av hushaldsavfall, jf. forureiningslova § 29. Kommunane i Vest-

Telemark får denne tenesta levert som såkalla utvida eigenregi¹ gjennom selskapet Renovest IKS. Renovest IKS pliktar å levere tenesta til kommunane til sjølvkost, i og med at det ikkje har vore konkurranse om oppdraget. Den lovpålagte handteringen av hushaldsavfall skal finansierast fullt ut gjennom avfallsgebyr frå brukarane, jf. forureiningslova § 34. Gjennom forskrifter og retningsliner er det stilt krav og gitt føringar for korleis sjølvkost kan og skal bereknast, og for korleis gebyra kommunane fakturerer innbyggjarane skal bereknast.

Det er kommunane som krev inn renovasjonsgebyra. Kommunane må sørge for at dei som er gebyrpliktige får faktura, og at innhaldet i fakturaen er rett.

Branntilsyn og feiegebyr

Telemark kommunerevisjon IKS gjennomførde i 2017 selskapskontroll i Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS. Tema var mellom anna om selskapet leverte tenester til sjølvkost. Samstundes blei det gjort forvaltningsrevisjonar av eigarkommunane si handtering av sjølvkostbereking i eigen kommune. Kontrollutvala har bede om ei enkel undersøking av om kommunestyra sine vedtak etter selskapskontrollen frå 2017 er følgt opp.

1.3 Problemstillingar og revisjonskriterium

Denne rapporten handlar om følgjande problemstillingar²:

Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost og er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande krav?

I kva grad skjer gebyrberekninga i kommunane i tråd med regelverket?

Er forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

¹ Jf. forskrift om offentlege anskaffingar kapittel 3.

² Seljord kommune har ikkje bestilt revisjon av problemstillingane som gjeld gebyrberekning og fakturering i eigen kommune.

I kva grad er kommunestyra³ sine vedtak etter forvaltningsrevisjonen om sjølvkost på feietenester følgt opp?

Revisjonskriteria⁴ i denne forvaltningsrevisjonen er mellom anna henta frå forureiningslova og brann- og ekspløsjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter. Vidare er retningsliner og rettleiar på sjølvkostområdet nytta. Kriteria går fram under kvar problemstilling nedanfor, og er nærmere omtala i vedlegg 2 til rapporten.

1.4 Avgrensing

Det var planlagt å undersøke om kommunane har tiltak for å sikre at rett gebyr blir fakturert abonnentane. I samband med revisjonen av kommunen sin rekneskap, undersøker revisor kva for system og rutinar kommunane har for fakturering av mellom anna kommunale avgifter. Det blir vidare gjort ulike former for testar/kontrollar av om rutinane fungerer. Døme på slike testar er om tilfeldige utvalde eigedomar i kommunen er registrert i KOMTEK, og kva for gebyr som er fakturert eigarane. Gebrysatsane blir kontrollert mot satsane som er vedtekne samband med årsbudsjettet. Det kan også bli kontrollert om leiande personar i kommunen har blitt fakturert, dersom dei eig eigedom i kommunen. Ei anna type kontroll er om filar frå KOMTEK har blitt fakturert fullt ut når desse er lest inn i kommunane sine rekneskapssystem, dvs. at ein sjekkar om totalsummen i fakturajournalen stemmer med grunnlaget frå KOMTEK.

Med bakgrunn i at faktureringa jamleg blir følgt opp og kontrollert i samband med revisjon av rekneskapen, har vi ikkje brukt ressursar på ei nærmare undersøking av dette i samband med forvaltningsrevisjonen.

1.5 Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Vi har hatt tilgang til ulike skriftlege kjelder som forksrifter, lover, rekneskap, kommunale vedtak, årsmeldingar, selskapsavtalar og andre relevante dokument.

³ Unntatt Fyresdal

⁴ Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter.

Vi har innhenta informasjon frå leiinga i Renovest IKS og i Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark. Kommunane har gitt opplysningar om dei ulike problemstillingane.

Metode og tiltak for kvalitetssikring er omtala nærmare i vedlegg 3 til rapporten.

1.6 Høyring

Utkast til rapport vart sendt på høyring til Renovest IKS, Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS og rådmennene i kommunane 4. mars 2019.

Vi har fått høyringssvar frå Renovest IKS, Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS og Vinje kommune. Tokke kommune har i e-post sagt at dei ikkje har kommentarar til rapporten. Vi har ikkje mottatt høyringssvar frå Fyresdal, Kviteseid og Seljord.

Merknader til høyringa ligg i vedlegg 1.

2 Forskrift om hushaldsavfall

Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

2.1 Fakta om den lokale forskrifta om avfall og slam

Revisjonskriterium

Den lokale forskrifta er heimla i forureiningslova § 26 tredje ledd, § 29, § 30 andre og tredje ledd, § 33, § 34 og § 83.

Det er også vist til heimel i helse- og omsorgstenestelova. Dette heimelsgrunnlaget har vi ikke undersøkt nærmere.

Med grunnlag i forureiningslova og avfallsforskrifta har vi utleidd følgjande revisjonskriterium for den lokale forskrifta:

- *Den lokale forskrifta må vere vedtatt av kommunestyret.*
- *Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe enkeltvedtak til Renovest IKS.*
- *Kommunen kan gi føresegner om at den kommunale innsamlinga berre skal gjelde i tettbygd strøk, og kommunen kan etter søknad unnta bestemte eigedomar frå den kommunale innsamlinga.*
- *Kommunen kan bestemme at visse slag hushaldsavfall skal haldast utanfor den kommunale innsamlinga, at visse slag avfall skal haldast fråskilt, og kan gi nødvendige reglar for å få til ei føremålstenleg og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av hushaldsavfall.*
- *Ingen kan samle inn hushaldsavfall utan etter samtykke frå kommunen.*
- *Kommunen skal sørge for tømming av slam frå mindre reinseinnretningar. Det er ikke høve til å bestemme at tømming av slam berre skal gjelde i tettbygd strøk.*
- *Kommunen kan gi dei reglane som trengs for å gjennomføre tømming av slam m.v.*
- *Reglane om gebyr må gjelde innsamling og handsaming av hushaldsavfall og slam.*
- *Kommunen kan ikkje ta betalt ut over gebyret for lovpålagde renovasjonstenester.*
- *Kommunen kan velje om ein vil ha likt gebyr for alle abonnentar, eller om ein vil differensiere gebyra etter kva det kostar å gi tenesta.*
- *Kommunen bør differensiere gebyra dersom det kan føre til avfallsreduksjon og auka gjenvinning.*

2.1.1 Vedtak og delegasjon

Den lokale forskrifta må vere vedtatt av kommunestyret.

Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe enkeltvedtak til Renovest IKS.

Fakta – vedtak og delegasjon

Deltakarkommunane i Renovest IKS har vedteke felles forskrift for innsamling og handtering av hushaldsavfall, tømming av slamskiljarar, privet, tette tankar m.v. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar, Telemark.⁵ Vi nyttar nemninga *den lokale forskrifta* vidare i rapporten. Den lokale forskrifta er heimla i fleire paragrafar i forureiningslova, mellom anna §§ 26, 30 og 34. Forskrifta er vedtatt av kommunestyra som følgjer:

Kommune	Dato	KST-sak nr.	Vedtak
Fyresdal	14. 12.17	53/17	Fyresdal kommune godkjener ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tømming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr likelydande for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Vest-Telemark.
Kviteseid	9. 11.17	75/17	Kviteseid kommune vedtek ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tømming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv slik den ligg føre, gjeldande frå og med 1. januar 2018. Kviteseid kommune vedtek nytt gebyrregulativ for desse tenestene slik det ligg føre, gjeldande frå og med 1. januar 2018.
Seljord	14. 12.17	105/17	Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tømming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommune i Telemark vert vedteken og gjeld frå 01.01.18. Alle tidlegare vedtak i saker som omfattar renovasjon og slam utgår frå og med 01.01.2018.
Tokke	12. 12.17	17/67	Tokke kommune vedtek ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tømming av slamavskiljarar, privet, tette tankar m.m., og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje slik den ligg føre, og gjeldande frå og med 1. januar 2018.
Vinje	14. 12.17	17/93	1. Vinje kommune vedtek ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tømming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid,

⁵ FOR-2017-12-14-2410

		Seljord, Tokke og Vinje slik den ligg føre, gjeldande frå og med 1. januar 2018. 2. Vinje kommune vedtek nytt gebyrregulativ for desse tenestene slik det ligg føre, gjeldande frå og med 1. januar 2018.
--	--	--

Renovest IKS er delegert mynde til å gjennomføre renovasjonen i samsvar med forskrifta. Vidare går det fram av § 16 at styret i Renovest kan gjere mindre endringar i forskrifta.

Den lokale forskrifta viser til at enkeltvedtak i medhald av forskrifta kan pålagast etter reglane i forvaltningslova, jf. lokal forskrift § 17. Klageorgan er klagenemnda i den aktuelle kommunen. Det står i forskrifta at klagen skal sendast til kommunen.

Vurdering av vedtak og delegasjon

Forskrifta er vedtatt av kommunestyra i alle eigarkommunane, slik det er føresett i lovforarbeida.

Forskrifta opnar for at styret i Renovest IKS kan gjere mindre vesentlege endringar i forskrifta. Forureiningslova opnar for at mynde til å treffe enkeltvedtak kan delegerast, jf. forureiningslova § 83 andre ledd. Men etter det vi kan sjå, kan ikkje kommunestyret delegera mynde til å treffe vedtak som krev forskrifts form til eit interkommunalt selskap. Formuleringa i den lokale forskrifta gir rom for at Renovest IKS kan utøve forskriftsmynde, og er såleis i strid med heimelsgrunnlaget i forureiningslova § 83.

2.1.2 Kven som er omfatta av innsamlingsordninga

Kommunen kan gi føresegner om at den kommunale innsamlinga berre skal gjelde i tettbygd strøk, og kommunen kan etter søknad unnta bestemte eigedomar frå den kommunale innsamlinga.

Fakta om verkeområdet

Verkeområdet for den lokale forskrifta er kvar seksjonert del og kvar bueining i alle grunneigedomar der det oppstår hushaldsavfall, jf. § 2, og alle eigedomar er omfatta, jf. § 4. Det er ikkje gjort unntak for eigedomar utanfor tettbygd strok. Forskrifta definerer nærmare kva som reknast som ei bueining i § 2. Fritidsbustader og permanent oppsett campingvogn er også omfatta. Det er nærmare definert i § 2 kva som skal til for at ein reknar campingvogn som permanent oppsett.

Forskrifta opnar for at kommunen kan gje dispensasjon for særskilte eigedomar, dersom det ligg føre grunngjeven skrifteleg søknad om dette, jf. § 4. Fritaksgrunnar for avfallsinnsamling er regulert i § 20. Følgjande fritaksgrunnar er nemnde:

- egedomen er ikkje i bruk
- egedomen si avstand frå køyrbar heilårsveg
- egedomen er fråflytta meir enn 6 mnd i året og ikkje nytta som fritidsbustad

Vurdering av verkeområdet

Kommunane har valt å gjere forskrifta gjeldande både i og utanfor tettbygd strok. Det er det høve til etter forureiningslova. Det er opna for fritak frå renovasjonsordninga for einskilde bustader/fritidsbustader som ligg langt frå kjørbar veg og/eller er fråflytta.

Forureiningslova § 30 gir opning for dette.

2.1.3 Regulering av avfallstypar og sortering m.m.

Kommunen kan bestemme at visse slag hushaldsavfall skal haldast utanfor den kommunale innsamlinga, at visse slag avfall skal haldast fråskilt, og kan gi nødvendige reglar for å få til ei føremålstenleg og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av hushaldsavfall.

Fakta om regulering av avfallstypar og sortering

Den lokale forskrifta har som føremål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av forbruksavfall, jf. § 1. Dette omgrepene er ikkje nytta elles i forskrifta. Forskrifta elles gjeld hushaldsavfall, slik det er definert i § 3 og i avfallsforskrifta.⁶ Den lokale forskrifta har ei lang liste med definisjonar. Ikkje alle omgrepene er nytta elles i forskrifta.

Forskrifta opnar for kjeldesortering, og regulerer innsamling, oppsamling og transport av hushaldsavfall og farleg avfall frå hushald. Det er stilt krav til vegstandard og tilkomst til hentestader. Krav til sortering av avfallet er regulert i § 6, slik at abonnementane skal sortere ut fraksjonar i samsvar med den ordninga som Renovest IKS etablerer. Det er opna for komposteringsordninga i § 7. Avfallsordninga er regulert i §§ 8 – 10 (oppsamlingseiningar, plassering, hentested, vegstandard, bruk av oppsamlingseiningar m.v.). Det er eigen ordning for hytter og fritidsbustader, jf. § 11.

For farleg avfall er verkeområdet til den lokale forskrifta avgrensa med referanse til avfallsforskrifta⁷, jf. den lokale forskrifta § 2 sjette ledd. Etter avfallsforskrifta § 11-10 har kommunen plikt til å ta imot inntil 1000 kg farleg avfall per hushald per år, og har høve til å ta imot inntil 1500 kg. per avfallsinnehavar per år, jf. § 11-7.

⁶ Forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall, §27 a.

⁷ Forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall, kapittel 5.

Den lokale forskrifta regulerer smittefarleg avfall. Forbod mot å blande smittefarleg avfall frå verksemder med anna avfall til kommunal avfallsordning er særskilt nemnt. Det går fram av § 4 at smittefarleg avfall frå hushald ikkje er omfatta av innsamlingsordninga.

Vurdering av regulering av avfallstypar og sortering

Kommunane har høve til å bestemme at smittefarleg hushaldsavfall skal haldast utanfor den kommunale innsamlinga og at ulike avfallsfraksjonar skal sorterast. Reglane om plassering av dunkar og krava til vegstandard er også innanfor det som er nødvendig for å få til ei føremålstenleg og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av hushaldsavfall. Forskrifta definerer mange omgrep som ikkje er nytta i forskrifta.

2.1.4 Løyve til innsamling

Ingen kan samle inn hushaldsavfall utan etter samtykke frå kommunen.

Fakta om løyve til innsamling

Det går fram av den lokale forskrifta at ingen kan samle inn hushaldsavfall i kommunen utan etter løyve frå kommunen, jf. § 4. Det går fram av § 16 at Renovest IKS har einerett til å samle inn hushaldsavfallet i kommunen på vegne av kommunen.

Vurdering av løyve til innsamling

Desse reguleringane er ikkje i strid med heimelsgrunnlaget i forureiningslova. Vi vil likevel peike på at ein i den lokale forskrifta nyttar omgrepet einerett. Vi legg til grunn at eigarkommunane får tenester frå Renovest IKS som utvida eigenregi, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 3-1, og at ein ikkje har meint å tildele ein einerett etter forskrift om offentlege anskaffingar § 2-3. Vi har såleis ikkje undersøkt om vilkåra for tildeling av einerett er oppfylt.⁸

2.1.5 Reglar om slam

Kommunen skal sørge for tömming av slam frå mindre reinseinnretningar. Det er ikkje høve til å bestemme at tömming av slam berre skal gjelde i tettbygd strøk. Kommunen kan gi dei reglane som trengs for å gjennomføre tömming av slam m.v.

⁸ KOFA har praksis for at ein kan tildele einrett for ordningar med hushaldsavfall. Så lenge Renovest IKS kan levere tenesta som utvida eigenregi, er det ikkje behov for å tildele dette som einerett etter anskaffingsreglane.

Fakta om reglane om slam

Den lokale forskrifta regulerer verkeområdet for reglane om slam ved å vise til forureiningslova § 26. Reglane om slam gjeld såleis for heile kommunen, også utanfor tettbygd strok. Forskrifta opnar for å gi fritak frå slamtømming, dersom eigedomen ikkje er i bruk, jf. lokal forskrift § 25.

I den lokale forskrifta er det reglar om at abonnenten skal syte for at anlegget er lett tilgjengeleg, og at den som tømmer anlegget skal reise frå anlegget i lukka stand. Vidare er det reglar om vegstandard, slangeutlegg og plassering av tank/max. høgdeskilnad. Forskrifta har også reglar om at tømming skal varslast, og kor ofte slamavskiljarane skal tømast. Kommunen har ifølgje den lokale forskrifta mynde til å pålegge ein annan tømmefrekvens i særskilte høve. Abonnentar med gråvasstank og privet kan leggjast inn på fast tømming med gebyr, dersom dei ynskjer det.

Vurdering av reglane om slam

Verkeområde, fritaksreglar og krav knytt til gjennomføring av ordninga er etter vår vurdering i samsvar med dei rammene som følgjer av forureiningslova.

2.1.6 Reglane om gebyr for avfall og slam

Reglane om gebyr må gjelde innsamling og handsaming av hushaldsavfall og slam.

Kommunen kan ikkje ta betalt ut over gebyret for lovpålagde renovasjonstenester.

Kommunen kan velje om ein vil ha likt gebyr for alle abonnentar, eller om ein vil differensiere gebyra etter kva det kostar å gi tenesta.

Kommunen bør differensiere gebyra dersom det kan føre til avfallsreduksjon og auka gjenvinning.

Fakta om gebyrreglane

Den lokale forskrifta pålegg abonnentar som er omfatta av vilkåra i forskrifta å betale avfallsgebyr for hushaldsavfall, jf. § 14 og for slam, jf. § 24.

Storleiken på gebyra skal ifølgje forskrifta fastsetjast årleg av kommunestyret i samband med budsjett-handsaminga i kommunen. Den lokale forskrifta har reglar om verknadstidspunkt for nye abonnentar.

For renovasjon har ein standardabonnement for hushald (dunkar og sekks) og standardabonnement for hytte fritidsbustad (container). Desse abonnementa har lik pris. Gebyra er differensiert på følgjande måte:

- Miniabonnement for hushald har redusert pris.
- Standardabonnement med heimekompost har redusert pris.

- Ekstrasekk for bleietrengande er gratis.
- Det er tillegg for ekstra avstand frå veg til oppsamlingsutstyr.
- Det er høve til å kjøpe utvida ordning og ekstra sekkskål.

For slam er gebyret differensiert etter størrelse på kum.

Differensiering av gebyret for ekstrasekk til bleietrengande er handsama av styret i Renovest i sak 07/09 etter førespurnad frå Tokke kommune/rådmannsgruppa i kommunane. Differensieringa er begrunna i at bleietrengande får auka behov for avfallshenting, og ein vurdere støtteordningar for dette. Kostnaden ved å tilby denne gruppa ekstrasekk gratis er finansiert gjennom avfallsgebyret.

Ut over differensiert gebyr for kompostering, er gebyret ikkje differensiert med sikte på å oppnå avfallsreduksjon eller auka gjenvinning.

Vurdering av gebyrreglane

Reglane om gebyr gjeld for innsamling av hushaldsavfall og tømming av slam, og gjeld abonnentar som er omfatta av vilkåra i forskrifta.

Kommunane har lagt opp til likt gebyr for bustader og fritidsbustader, sjølv om ordningane og kostnadene for bustader og fritidsbustader er forskjellige. I følgje lovforarbeida og Miljødirektoratet sin rettleiar kan/bør gebyra spegle slike skilnader. Men kommunen har høve til å ta same gebyr for alle abonnentar, dersom det er den ordninga kommunen ynskjer.

Kommunen har høve til å gi prisreduksjonane som er knytte til mindre volum som kan kontrollerast gjennom mindre dunk eller størrelse på kum for slam. Det same gjeld prisreduksjon for utsortering av kompost, som har ei miljømessig grunngiving. Vi kan ikkje sjå at gratis levering av blå sekkskål for bleietrengande er i samsvar med heimelsgrunnlaget, då denne prisdifferensieringa verken er begrunna med lågare kostnad eller miljøomsyn. Dersom kommunane ynskjer å subsidiere ei slik teneste ut frå sosiale grunnar, kan ikkje det finansierast over avfallsgebyret.

Om gebyra elles er lovlege, er avhengig av at nivået på gebyra er i samsvar med kommunane sine samla kostnader til dei lovpålagde tenestene knytt til høvesvis hushaldsavfall og tømming av slam. Sjå meir om dette i pkt. 3 og 4.

Bortsett frå frådrag for kompostering, har ikkje kommunane innført differensierte gebyr med sikte på avfallsreduksjon og auka gjenvinning, jf. forureiningslova § 34. Det er heller ikkje krav om slik differensiering, men ei tilråding i lovteksten.

3 Sjølvkost i Renovest IKS

I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost?

Er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande regelverk?

3.1 Fakta om

3.1.1 Revisjonskriterium

- *Renovest IKS skal føre sjølvkostrekneskap i tråd med retningsliner for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester. Renovest IKS skal:*
 - dokumentere eit skilje mellom hushaldsavfall, næringsavfall og slam
 - bruke relevante fordelingsnøklar
 - beregne kalkylerenter på investering og fond
 - sikre at sjølvkostfond primært skal ligge hos den som har gebyrinntektene (kommunane)
- *Kostnadene skal fordelast til kommunane etter kommunane sin bruk av tenestene*

3.1.2 Om verksemda

Renovest IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje. Selskapet held til i Kviteseid kommune og har sju faste tilsette medarbeidrarar. Omsettinga i 2018 var på omlag 42 millionar kroner. Av dette var nær 37 millionar kroner (88 %) knytt til lovpålagt offentleg renovasjon og noko over 5 millionar kroner (ca. 12 %) knytt til næringsverksemde.

Renovest sin hovudaktivitet er innsamling og vidare distribusjon av avfall frå bustader/fritidsbustader, samt henting og vidare distribusjon av slam frå private bustader/fritidsbustader og kommunale reinseanlegg. Ved sida av desse oppgåvane tilbyr og verksemda innsamling og vidare distribusjon av avfall frå næringsdrivande i eigarkommunane.

Bustader

Fastbuande skal sortere avfallet i avfallsfraksjonane restavfall, matavfall, plast og papp/papir. Innsamling skjer ved at avfallet blir henta med bil heime hjå abonnentane og køyrd til Renovest sitt anlegg på Brunkeberg for omlasting og vidare distribusjon og/eller slutthandsaming.

I tillegg til innsamlinga frå abonnentane, har Renovest returpunkt der det er høve til å levere avfall. Der er fleire former for returpunkt:

- **Mottak med personale.** Mottaka tek imot dei fleste avfallsfraksjonar. Det er mottak med personale på verksemda sitt område i Brunkeberg, primært for innbyggjarane i Seljord og Kviteseid. Brunkeberg avfallsmottak tek imot farleg avfall frå næringsverksemder i heile regionen, då dette skal deklarerast elektronisk. Vidare er det mottak med personale på Skårmoen i Fyresdal, Vistadmoen i Tokke og på Hovedstadmoen i Vinje.
- **Returpunkt utan personale.** Dette er containerar som er sett ut slik at hushaldsabonnentar kan levera papir/papp, glas/småmetall og nokre plassar også tekstilar⁹.
- **Miljøstasjonar.** Desse er plassert på bensinstasjonar. Renovest har skriftleg avtale som går ut på at personalet på bensinstasjonen skal organisere opning/ låsing av miljøcontaineren. Her kan bustads-/hytteabonnentar levere farleg avfall.

Verksemda sine nettsider viser oversikt/kart over alle returpunkta, omlag 120 returpunkt.

Renovest har også ansvar for å hente slam frå bustader med private slamavskiljarar og kommunale reinseanlegg. Dette skjer med eigne bilar: avvatningsbilar eller slamsugarbilar, alt etter kva slags anlegg som skal tømmast.

Fritidsbustader

Brukarar av fritidsbustader må sjølv bringe med seg avfallet og levere dette på såkalla hyttereturpunkt. Desse returpunkta er lokalisert på ulike stader i nærleiken av hytteområde og hyttefelt. På returpunkta står containrarar. Alle slike returpunkt har restavfalls-containerar, men nokre returpunkt har i tillegg eigne containerar for papir/papp og glas/metall.

Næringskundar

Næringskundar leiger dunkar av Renovest, og avfallet i desse dunkane blir henta av verksemda. Næringskundane betaler for denne tenesta.

Eigedomar, bedrifter og kontor nyttar plastdunkar på hjul (tre forskjellige) med skilje på dei same fraksjonane som blir henta hjå bustadabonnentane. Storleiken på kvar

⁹ Innsamling av tekstilar er direkte organisera av organisasjonen U-landshjelp frå folk til folk (UFF), uavhengig av Renovest

dunk blir avgjort utifrå avfallsmengda. Innsamling følgjer same køyreruter og frekvens som for privathushalda.

Dersom næringskundane har større mengder forbruksavfall, og der plastdunkar blir for små, må dei nytte containerar. Desse abonnementane må kjøpe/leige container sjølve og gjera avtale om henting direkte med renovatør. Det kan og gjerast kombinasjonsløysingar med dunkar og container.

Næringskundar kan også levere avfall på dei bemanna mottaka. Betaling for dette skjer etter eigne satsar.

Vidare handtering

Renovest IKS har ikkje eigne bilar/sjåførar for henting av hushaldsavfallet, av containerane på returpunkta og slam. Transporttenesta kjøper selskapet i dag av Telemark Godslinjer AS.

Alt avfall som blir samla inn, blir levert til ulike former for vidarehandtering andre stader. For nokre fraksjonar har Renovest utgifter knytt til den vidare handteringa. For andre fraksjonar, til dømes papp/papir, plast og metall får Renovest betalt, slik at det gjev inntekter til selskapet.

Slammet som blir henta er våt- og tørrslam. Våtslam blir sleppt på eit eksisterande reinseanlegg for sentrifugering, og tørrslammet blir køyrt direkte til Litveit slamhandsamingsanlegg. Her blir slammet foredra til kompost og jordforbetringsprodukt. Det er Renovest IKS som er eigar av anlegget og har utsleppsløyve. Gjeldande utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark er frå februar 2019. Anlegget blir i dag drifta av Lindum AS, etter anbodsrunde i 2013. Slamlaguner på Skårmoen i Fyresdal blir bruka ved naudtømmingar.

3.1.3 Berekning av sjølvkost

Skilje mellom avfall frå hus bustader/fritidsbustader og næring

For å berekne sjølvkost på avfallshandteringa registrerer Renovest vekta på dei ulike avfallsfraksjonane som kjem frå høvesvis hushalds- og næringsavfall. Denne registreringa dannar grunnlaget for det rekneskapsmessige skiljet som det er krav om i regelverket.

Bilane som samlar inn hushaldsavfallet samlar og inn avfall frå næringskundar på innsamlingsrutene. For å skilje på avfallet blir dunkane frå næringskundane vege¹⁰ før dei blir tømd i bilen. Opplysningar om den aktuelle kunden og vekta på avfallet blir registrert av sjåførane i programvara «Botek»¹¹ som finst i bilane, med dataoverføring til «Renosoft» (utvikla av verksemda Arkitektum AS). Alt avfallet i bilane blir så vege ved levering hjå Renovest på Brunkeberg. Differansen mellom totalvekta på avfallet i bilen og næringsavfallet som er registrert inn i løpet av ruta vil være avfall som er knytt til bustader/hushald.

På mottaksstasjonane må alle som kjem vende seg til ein person i betent «luke». I all hovudsak vil beteninga kunne identifisere kven som er privatkundar og kven som er næringskundar. På mottaksstasjonane og ved einskilde returpunkt er det sett opp overvakingskamera for å førebygge at det blir tømt avfall utanom opningstidene og av ivedkomande.

Dei ubemanna returpunktta/hyttereturpunktata er meint for privatpersonar, og næringskundar skal ikkje bruke desse. I følge dagleg leiar er erfaringa at einskilde hytte-/hushaldsreturpunkt blir «misbruka» av næringsaktørar. Han seier det er vanskeleg å stadfeste omfanget av dette. Continarane er merka med skilt som gjer merksam på at desse berre er meint for hushaldsavfall frå hytteabonnentar. Eit av returpunktata (Vrådal) har kameraovervaking, dette for å hindre både «tilgrising» av returpunktet og misbruk frå næringsaktørar.

Leiringa i Renovest seier at ved å følgje dei nemnde prosedyrane for veging og registrering har selskapet kontroll på kor mykje av dei ulike avfallsfraksjonane som kjem frå høvesvis hushald/privatkundar og næringskundar.

Sjølv om avfallet frå næring og bustader/fritidsbustader blir blanda i etterkant, vil dei ha kontroll på forholdet mellom disse to delane ved vidare handtering. For nokre avfallsfraksjoner er det utgifter knytt til vidare handtering, for andre får selskapet inntekter - nedstraums. Kunnskapen om vekt på avfallet frå høvesvis bustader/fritidsbustader og næringskundar blir direkte eller indirekte brukt for å skilje inntekter og utgifter i høve til dei ulike rekneskapa.

¹⁰ Avfallsbilane er utstyrt med vekt som kan vege kvar einskilde dunk som blir tømt i bilen.

¹¹ Verksemda leverer bilvekt- og mobilvegesystem mellom anna for innsamling av avfall.

Slam

Slammet som blir samla inn, kjem anten frå slamavskiljarar hjå private hushald eller frå kommunale reinseanlegg. Slam frå dei ulike kjeldene blir henta på åtskilde ruter og med forskjellige køyretøy, slik at det er lett å halde oversikt over kor stor mengd som kjem frå dei respektive kjeldene.

Det er få næringsaktørar som nyttar Renovest til innsamling og handtering av slam. Det finst nokre få næringsverksemder som via verksemda sin tenesteaktør på slamområdet får tømt/levert slam frå større tankar/behaladarar med levering til Renovest sine slammottak. Renovest fakturerer slutthandsaminga av dette slammet etter «sjølvkostprisar». Tenestaktøren fakturerer næringsverksemda direkte for transporten.

Fordeling av kostnader og inntekter

Renovest brukar ekstern rekneskapsførar; Seljord Regnskapsservice AS. Dei nyttar rekneskapssystemet Visma Business. Selskapet kan i dette systemet føre separate avdelingsrekneskap for forskjellige avdelingar innanfor same selskap. I Renovest blir det gjort eit rekneskapsmessige skilje mellom tre avdelingar; hushaldsrenovasjon, næringsrenovasjon og slam. I tillegg skil ein mellom Kostrafunksjonar som nyttast til ekstern rapportering (til dømes til Statistisk Sentralbyrå).

For å handtere krava¹² til korleis ein skal dokumentere og framstille sjølvkostrekneskap, brukar Renovest det elektroniske berekningsprogrammet Momentum Selvkost Renovasjon (MSR) frå firmaet EnviDan Momentum. EnviDan Momentum drivrådgiving innan sjølvkost og har oppdrag for mange norske kommunar og renovasjonsselskap. Sjølvkostprogrammet hentar tal direkte frå Renovest sin rekneskap, som er ført i Visma Business. Ved rekneskapsavslutning får ein sett opp ein såkalla etterkalkyle.

Renovest leiger inn ekstern konsulent frå EnVidan Momentum til å følgje opp problematikken rundt sjølvkostberekinga. Konsulenten bistår både ved budsjettering av neste års gebrysatsar og etterkalkylar av sjølvkostrekneskapen når året er omme.

Renovest har nokre kostnader og inntekter som berre gjeld for eitt av tenesteområda, anten hushald, slam eller næring, der det gir seg sjølv på kva for område dette skal rekneskapsførast. Andre inntekter og kostnader kan gjelde fleire av tenesteområda. Her må det skje ei fordeling mellom avdelingsrekneskapa. Fordelinga skjer via

¹² I *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester* (H-3/14)

fordelingsnøklar som er definert på førehand (basert på etterkalkyle for sist avgangte rekneskap). Mesteparten av fordelingsnøklane er, direkte eller indirekte, basert på vektrapportar.

Vektrapportane viser kor stor del av dei ulike avfallsfraksjonane som kjem frå hushaldsavfall, og kor mykje som kjem frå næringsavfall. Leiar for selskapet seier at dei for nokre av utgiftene, til dømes løn, gjer ei årleg vurdering av korleis kostnadene skal fordelast på dei ulike områda. Her blir arbeidsoppgåver og tidsbruk for kvar og ein av dei tilsette vurdert. Med bakgrunn i dette blir kostnaden fordelt på rett stad i sjølvkostrekneskapen. Leiar seier at sjølve drøftingane og vurderingane ikkje er særskilt dokumenterte, men resultatet av vurderingane kjem godt fram i forkalkyla/etterkalkyla.

Vi får opplyst at Renovest ikkje fører separate rekneskap for hentinga/handteringa av slam frå privathushald og slam frå reinseanlegga. Renovest opererer også med eit felles fond (ev. memoriakonto¹³) på området slam. I kommunane er det skilt på dei ulike formene for slam. Slammet frå privathushald inngår i sjølvkostområdet slam, medan slammet frå reinseanlegga inngår i sjølvkostområdet avløp/kloakk. Det er ulikt regelverk knytt til handtering av fond/memoriakonto for dei to områda.

Etterkalkyle og sjølvkostfond

For å kontrollere at sjølvkosten blir riktig, utarbeider Renovest (etter kvart rekneskapsår) ein etterkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det avslutta rekneskapsåret. Det blir og utarbeidd ein forkalkyle (eit budsjett) for det kommande året. Sjølvkostrekneskapen er tufta på driftsrekneskapen til selskapet, men med einskilde prinsipp som er forskjellig frå Renovest sitt ordinære driftsrekneskap. Difor vil sjølvkostrekneskapen og den ordinære driftsrekneskapen ikkje vere direkte samanliknbare.

I grunnlaget for sjølvkostrekneskapen inngår driftsutgifter/inntekter, kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivingar og rentekostnader) og fordelte administrasjonsutgifter (både drift og kapital) henta frå selskapet sin rekneskap. Alle driftsutgifter for tenesta er med i grunnlaget, unntatt finansutgifter, herunder finanzielle avskrivingar.

På Kommunalbanken Norge sine nettsider er det gitt informasjon om kalkyleranta for 2017:

¹³ Memoriakonto er folkeleg forklart «eit negativt fond» etter underdekning i sjølvkostrekneskapen.

Snittrenta på 5 års swaprente for 2017 ble 1,48 %. Med tillegg av kalkylerentepåslaget på 0,5%-poeng, får vi en kalkylerente på 1,98 % for 2017.

I Renovest sin etterkalkyle for 2017 er det berekna ei kalkulatorisk rente på 1,98 %. I følgje leiari for Renovest opererer selskapet med utjamningsfond/framførbart underskot (memoriakonto)¹⁴ for dei to sjølvkostområda. Dette skal handtere eventuelle overskot/underskot i høve til kommunane sine innbetalingar for eit bestemt år. Avrekning mot kommunane sine innbetalingar skal skje innan det har gått tre til fem år. Ein annan grunn til at selskapet har fond/memoriakonto, er at kommunane er ferdige med sin rekneskap lenge før Renovest er ferdig med sin. Rekneskapen er ferdig hjå kommunane i februar, medan selskapet sin rekneskap er handsama i representantskapet i slutten av april. Leiari av verksemda seier han er klar over at sjølvkostfond primært skal ligge hos den som har gebyrinntektene.¹⁵ I Vest-Telemark er det der dei einskilde eigarkommunane som har gebyrinntektene.

Selskapet hadde slik status for resultat og fond/memoriakonto pr. 31.12 2017. Rekneskap pr. 31.12.2018 er i skrivande stund ikkje ferdig.

Type sjølvkost	Sjølvkostfond/memoriakonto pr. 31.12.17	
Hushaldsavfall	-	3 878 332
Slamhandsaming		1 742 514

Vi har fått opplyst at dei aktuelle eigarkommunane også opererer med eigne sjølvkostfond-/memoriakonto på områda renovasjon og slam.

¹⁴ Framførbart underskot/memoriakonto er ikkje eit omgrep i rekneskapslova, men blir nytta i forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner).

¹⁵ *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14)*

Etterkalkylen for hushaldsavfall for rekneskapsåret 2017 såg slik ut:

2017 Etterkalkyle selvkost	Husholdningsavfall	Totalt
Gebyrinntekter	24 298 299	24 298 299
Øvrige driftsinntekter	1 182 791	1 182 791
Driftsinntekter	25 481 090	25 481 090
Direkte driftsutgifter	29 079 727	29 079 727
Avskrivningskostnad	737 227	737 227
Kalkulatorisk rente (1,98 %)	202 314	202 314
Driftskostnader	30 019 267	30 019 267
Resultat	-4 538 177	-4 538 177
Kostnadsdekning i %	84,9 %	84,9 %
Selvkostfond 01.01	691 090	691 090
- Bruk av selvkostfond	-691 090	-691 090
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)	0	0
Fremførbart underskudd 01.01	0	0
- Underskudd til fremføring	-3 847 087	-3 847 087
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (1,98 %)	-31 244	-31 244
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente på fond)	-3 878 332	-3 878 332
Gebyrinntekter	24 298 299	24 298 299
Gebyrgrunnlag	28 836 476	28 836 476
Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter/gebyrgrunnlag)	84,3 %	84,3 %
Regnskapsføringsforslag balanse	Husholdningsavfall	Totalt
+/- 2.51xxxx Selvkostfond	-691 090	-691 090
+/- 2.92xxxx Memoriakonto selvkostfond	3 878 331	3 878 331
Regnskapsføringsforslag driftsregnskap	Husholdningsavfall	Totalt
1550 Avsetninger til bundne fond	0	0
1950 Bruk av bundne fond	-691 090	-691 090

Og for slam var det slik etterkalkyle:

2017 Etterkalkyle selvkost	Slamtømming	Totalt
Gebyrinntekter	6 027 714	6 027 714
Øvrige driftsinntekter	5 377 222	5 377 222
Driftsinntekter	11 404 936	11 404 936
Direkte driftsutgifter	8 299 871	8 299 871
Avskrivningskostnad	113 677	113 677
Kalkulatorisk rente (1,98 %)	68 652	68 652
Driftskostnader	8 482 200	8 482 200
Resultat	2 922 735	2 922 735
Kostnadsdekning i %	134,5 %	134,5 %
Selvkostfond 01.01	0	0
+ Avsetning til selvkostfond	1 737 056	1 737 056
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (1,98 %)	5 459	5 459
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)	1 742 514	1 742 514
Fremførbart underskudd 01.01	-1 185 679	-1 185 679
+ Inndekning av fremførbart underskudd	1 185 679	1 185 679
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente på fond)	0	0
Gebyrinntekter	6 027 714	6 027 714
Gebyrgrunnlag	3 104 979	3 104 979
Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter/gebyrgrunnlag)	194,1 %	194,1 %
Regnskapsføringsforslag balanse	Slamtømming	Totalt
+/- 2.51xxxx Selvkostfond	1 742 515	1 742 515
+/- 2.92xxxx Memoriakonto selvkostfond	-1 185 679	-1 185 679
Regnskapsføringsforslag driftsregnskap	Slamtømming	Totalt
1550 Avsetninger til bundne fond	1 742 515	1 742 515
1950 Bruk av bundne fond	0	0

3.1.4 Fordeling av kostnader på kommunane

Dagleg leiar opplyser at berekning av prisen som den einskilde kommune skal betale er regulert i selskapsavtalen¹⁶ § 17, der vi finn denne formuleringa:

Rammene og prinsippa for selskapet sine ulike tenester vert fastsett av representantskapet etter framlegg frå styret. Tenestene til selskapet skal ha ein pris som dekker driftsutgifter, kapitalkostnader og dei til ei kvar tid godkjente og lovbestemte kostnadsavsetjingar. Det skal vere lik pris for same servicenivå i heile dekningsområdet. Prisane blir fastsett i årsbudsjettet.

Innbetaling til selskapet skal skjer forskottsvise kvart halvår.

Kvar av eigarkommunane sine avfallsgebyr til innbyggjarane må fastsettast av den einskilde kommune, og dersom det ikkje er særlege grunnar til avvik pliktar kommunane å ha same nivå på gebyra.

Dagleg leiar seier at selskapet brukar selskapsavtala si formulering om *lik pris for same servicenivå i heile dekningsområdet* som grunnlag for berekning av prisen for den einskilde kommune.

Det blir ikkje ført separate rekneskap for kvar og ein kommune. Leiar av verksemda meiner likevel det er grunnlag for å seie at det er det er tilnærma like driftsutgifter for kommunane. Dei ulike mottaka er i all hovudsak utrusta på same måte. Einaste skilnad er at det er opptid alle verkedagar på hovudmottaket, medan dei andre mottaka har ope ein dag i veka. Han peikar på at transportkostnaden kan gjera ein skilnad kommunane imellom, men at verken transportkostnad eller mengd avfall levert frå den einskilde abonnent skal kunne føre til differensiering av driftsbidraga som fakturerast kommunane.

Renovest lagar kvart år ein forkalkyle/budsjett for hushaldsrenovasjonen (sjølvkosttenesta). Her bereknar verksemda alle utgiftene til sjølvkostenesta. Verksemda har og inntekter frå til dømes sal av avfallsfraksjonar (nedstraumsinntekter). Desse blir lagt inn i kalkylen. Differansen mellom utgiftene og nedstraumsinntektene vil vere den samla summen som selskapet må fakturere kommunane for at kalkylen skal gå i null.

¹⁶ Endra selskapsavtale, datert 30.04.2018, er vedteken av kommunestyra i alle eigarkommunane.

Selskapet får informasjon frå kommunane om talet på abonnentar som skal omfattast av renovasjonstenesta. Talet på abonnentar er tufta på informasjon som ligg i databaseprogrammet KOMTEK¹⁷. Den samla budsjetterte inntekta frå kommunane blir så delt på summen av abonnentar i alle kommunane. Dette gjev en einingspris pr. abonnent. For å finne kor mykje den einskilde kommune skal betale til selskapet, blir einingssprisen per abonnent multiplisert med den aktuelle kommunen sitt tal på abonnentar. I 2018 var einingsprisen kommunane skulle betale til selskapet for renovasjon kr 1 710 per abonnent og for slamtømming kr 2 242 per abonnent.

Differensieringa av gebyra er felles for alle kommunane, og er regulert i den lokale forskriften, jf. kapittel 2. Nivået på gebyra som kvar og ein abonnent må betale, blir fastsett av kommunestyra i kommunane. Gebyra kan variere frå kommune til kommune. Dette skuldast at kommunane bereknar og legg på administrative utgifter knytt til handteringa av tenesta i kommunen, sjå meir om dette i kapittel 4.

Servicenivå

I den lokale forskrifta og på verksemda sine nettsider er det gjort greie for kva for servicenivå selskapet har.

Eit standard bustadabonnement får tildelt ein 120 liters restavfallsdunk, ein 120 liters papp- og papirdunk og ein 120 liters matavfallsdunk. I tillegg kjem naudsynt mengde bioposar til matafall og sekk til plastinnsamling. Det er likt høve til å abonnere på større dunk i alle kommunane, og det er likt høve til å ha færre hentingar (miniabb.) eller heimekompostering mot redusert gebyr, jf. forskriften.

Innbyggjarane i alle kommunane kan levere ekstra avfall på verksemda sine fire mottaksstasjonar. Mottaka i kommunane Fyresdal, Tokke og Vinje har ope ein gong i veka i tidsrommet kl. 14:00 – 19:00. I tillegg er alle stasjonane opne siste laurdagen i månadene mai, juni, juli og august. Mottaksstasjonen på Brunkeberg som betener hovudsakleg kommunane Kviteseid og Seljord har ope mandag, tysdag, onsdag og fredag kl. 08:00 - 14:30 og langdag torsdag kl. 08:00 - 19:00. Denne stasjonen har også laurdagsope frå kl. 09:00- 13:00 siste laurdagen i månadene mai, juni, juli og august. For levering av dei fraksjonane som det er betaling for, er prisnivået det same på dei fire stasjonane.

¹⁷ KOMTEK er et forsystem som kommunene bruker for å sette opp grunnlag for fakturering av eiendomsgebyrer. Leveres av Norkart

Det er slik fordeling av returpunkt:

Kommune	Seljord	Fyresdal	Tokke	Kviteseid	Vinje	Totalt
Hyttereturpunkt	18 (20)	21 (26)	22 (27)	16 (21)	43 (67)	120 (161)
Miljøcontainerar (farleg avfall)	2	2	1	2	3	10

Tal i parentes viser samla tal containerar.

Einskilde returpunkt har også containerar for papp/papir og glas/småmetall som og kan nyttast av fastbuande (med bakgrunn i store geografiske avstandar til betente mottak).

3.2 Revisor si vurdering av sjølvkost i Renovest

Sjølvkostbereking og dokumentasjon

Etter vår vurdering fører Renovest IKS sjølvkostrekneskap som i hovudsak er i tråd med retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester.

- Det er lagt godt praktisk til rette for registrering av avfall frå hushald/næring, slik at risikoen for feilregistrering/manglande registrering er liten. Registreringa er dokumentert, og rapportane for mengde/vekt på levert avfall blir lagra og er etterprøvbar.
- Selskapet nyttar relevante fordelingsnøklar for å fordele felles kostnader riktig.
- Renovest nyttar eit eigna verktøy for å berekne og dokumentere sjølvkost på tenestene som blir levert til kommunane.
- Vi meiner at selskapet kan dokumentere at dei har eit rekneskapsmessig skilje mellom inntekter og utgifter knytt til områda næringsavfall og sjølvkostområda hushaldsavfall og slam.
- Etter vår vurdering må selskapet skilje rekneskapa for henting/handtering av slam frå høvesvis privathushald og slam frå kommunale reinseanlegg. Dette er ulike sjølvkostområder i kommunane, og det er knytt ulike reglar til handtering av fond/memoriakonto.
- Selskapet bereknar kalkylerente på investeringar og fond i tråd med regelverket.
- Etter retningslinene for berekning av sjølvkost (H-3/14) er det i utgangspunktet den som har gebyrinntektene som skal ha sjølvkostfondet. I vårt tilfelle har

eigarkommunane gebyrinntektene, og har alle eigne sjølvkostfond (ev. memoriakonto). Det er i utgangspunktet ikkje i tråd med retningslinjene at Renovest også har sine eigne fond (ev. memoriakonto). Det fører til at resultatet av selskapet si drift ikkje påverkar eigarkommunane før etter fleire år. Dermed blir det ei forskying i belastninga av abonnentane, som er i strid med generasjonsprinsippet innan sjølvkost. Det er praktiske vanskar med å gjennomføre verksemda utan fond frå det eine året til det andre. Selskapet bør likevel så langt det er praktisk mogleg tilpasse seg retningslinene for handtering av fond på sjølvkostområda, og ha kortast mogleg levetid på slike fond.

Fordeling av kostnaden mellom kommunane

Kostnadene ved sjølvkosttenestene skal fordelast til kommunane etter kommunane sin bruk av tenestene. Renovest fordeler kostnadene etter talet på abonnentar i kommunane, og opererer med lik einingspris pr. abonnent for alle eigarkommunane. Slik vi tolkar regelverket må to føresetnader vere til stede for å kunne operere med lik einingspris. Den eine føresetnaden er at abonnentane i dei ulike kommunane har eit tilnærma likt servicenivå. Den andre føresetnaden er at det skal vere tilnærma lik kostnad for å levere tenesta i den einskilde kommune. Vi meiner at det er tilnærma likt servicenivå i alle kommunane. Så framt ein ser bort ifrå skilnadene i transportkostnader (som vil variere noko etter avstandar), er kostnadsstrukturen i kommunane som Renovest betener også tilnærma lik. Kostnadene er såleis fordelt til kommunane etter kommunane sin bruk av tenestene.

Vi vil peike på at selskapsavtala si formulering om *lik pris for same servicenivå i hele dekningsområdet* berre kan leggast til grunn for berekning av einingspris frå selskapet til kommunane dersom det er lik kostnad ved å levere likt servicenivå til kommunane. Dersom det hadde vore vesentlege driftskostnadar og/eller større investeringar som berre kom ein eller nokre av kommunane til gode, hadde det ikkje vore høve til å ta lik pris, sjølv om det står i selskapsavtalen.

4 Gebyrberekning i kommunane

I kva grad skjer gebyrberekninga i kommunane i tråd med regelverket?

4.1 Fakta om gebyrberekning i kommunane

4.1.1 Revisjonskriterium

- *Dei direkte kostnadene i kommunen si sjølvkostkalkyle skal vere lik kjøpesummen for tenestene levert av Renovest IKS.*
- *Kommunen skal vurdere og beregne kva for indirekte kostnader i kommunen som hører til sjølvkosttenesta.*
- *Kommunen skal handtere overskot/underskot på sjølvkosttenesta i tråd med retningslinene (H-3/14).*
- *Kommunen skal beregne kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar.*

Innleiing

Kommunane driv den lovpålagde oppgåva med innsamling av avfall og slam i såkalla utvida eigenregi. Renovest IKS utfører sjølve tenesta. I kapittel 3 har vi gjort greie for korleis selskapet handterer kravet om å levere tenestene til sjølvkost.

Kommunane må, på line med selskapet, føre sjølvkostrekneskap for kommunane si handtering av sjølvkosttenestene. Dei direkte kostnadene for kommunane er det kommunane betaler til Renovest for tenestene knytte til hushaldsavfall og slam. I tillegg kan kommunane legge til andre kostnader som er naudsynte for å utføre tenesta. Dette er dei indirekte kostnadene. Til dømes kostnader til kommunen si sentralbordteneste, økonomiteneste, rekneskapsteneste osv. Regelverket stiller også krav til handtering av overskot/underskot og bruk av såkalla kalkylerenter.

Av di kommunane sine rekneskapar for 2018 ikkje er ferdige i skrivande stund, har vi teke utgangspunkt i sjølvkostrekneskapane i kommunane for 2017. Alle kommunane gjer opp sjølvkostrekneskapen etter same prinsipp for 2018 som for 2017.

4.1.2 Sjølvkostberekinga i Fyresdal kommune

Fyresdal kommune opplyser at dei ikkje brukar noko elektronisk verktøy/programvare som er spesielt laga for å beregne og vise sjølvkost på tenesteområda renovasjon og slam. Kommunen nyttar Excel rekneark for å beregne og framstille dette.

Dei direkte kostnadene sjølvkostkalkyla i 2017 var på kr 2 630 812 for renovasjon og kr 588 660 for slam. Dette samsvarer med beløpa Renovest har fakturert kommunen for i 2017.

For å berekne dei indirekte kostnadene blir det teke utgangspunkt i delar av løn til to tilsette som jobbar med KOMTEK/kommunale avgifter og innfordring. I tillegg kjem utgifter til utsending av faktura for kommunale avgifter og 10 % av kostnaden på IT drift. Dei samla kostnadene for dette (kr 446 022) blei så fordelt på dei forskjellige sjølvkostområda som vist i tabellen nedanfor. Det er økonomisjefen i kommunen og dei aktuelle medarbeidarane som gjer vurderingane av kva for administrative utgiftar i kommunen som kan knytast til sjølvkostområda, og avgjer fordelinga av desse på kvart einskild tenesteområde.

Samla berekna indirekte kostnad for sjølvkostområda	Kr 446 022	100%
Fordelt på tenesteområdet vatn	Kr 133 806	30 %
Fordelt på tenesteområdet avløp	Kr 133 806	30 %
Fordelt på tenesteområdet renovasjon	Kr 133 806	30 %
Fordelt på tenesteområdet septik (slam)	Kr 22 301	5 %
Fordelt på vatn tenesteområdet feiing	Kr 22 301	5 %

Kommunen har ikkje avskrivningar og/eller kalkulatoriske renter knytt til dette for dei aktuelle sjølvkostområda.

Fyresdal kommune hadde sjølvkostfond knytt til renovasjonstenestene på kr 764 706 ved utgangen av året 2017, og for tenesteområdet slam hadde kommunen eit fond på kr 139 055. Det blei ikkje berekna kalkulatorisk rente på sjølvkostfondet for rekneskapsåret 2017. Økonomisjefen i kommune seier at dette vil bli gjort for rekneskapen for 2018.

Vi har henta desse tala frå sjølvkostkalkyla som følgde som note til rekneskapen¹⁸ for 2017.

	Renovasjon	Slam
Direkte kostnader	2 630 812	588 660
Indirekte driftskostnader	133 807	22 301
Kalkulatoriske renter	-	-
Kalkulatoriske avskrivningar	-	-

¹⁸ Note 6 til årsrekneskapen for 2017 for Fyresdal kommune.

Andre inntekter	-	-
Sum gebyrgrunnlag	2 764 619	610 961
Gebyrinntekter	-2 689 833	-750 016
Årets finansielle resultat	74 786	-139 055
Avsett til sjølvkostfond og dekking av framførbart underskot		139 055
Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot	74 786	
Kontrollsum		
Saldo sjølvkostfond 1.1. rapporteringsåret	839 492	0
Alternativkostnad ved bunden kapital på sjølvkostfond eller henførbart underskot	-	
Saldo Sjølvkostfond 31.12 rapporteringsåret	764 706	139 055

4.1.3 Revisor si vurdering av sjølvkostberekinga i Fyresdal kommune

Fyresdal kommune gjer etter vår vurdering gebyrberekning som i all hovudsak er i tråd med regelverket.

Dei direkte kostnadene er lik betalinga til Renovest.

Kommunen nyttar ikkje fordelingsnøklar slik det er anbefalt i *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester* (H3-14), men har gjort ei enkel vurdering av kva for kostnader som det er rett å knytte til sjølvkostområda og gjer ei fordeling av desse på dei aktuelle tenesteområda.

Kommunen sett overskott på fond. For det året vi undersøkte blei det ikkje berekna kalkylerente av fonnet (renovasjon) slik det er krav om i regelverket.

4.1.4 Sjølvkostberekinga i Kviteseid kommune

Kviteseid kommune brukar EnviDan Momentum sitt sjølvkostverktøy til gebyrberekningar, både til forkalkyle (budsjett) og etterkalkyle (rekneskapen).

Dei direkte kostnadene skal i utgangspunktet vere betalinga til Renovest. I Kviteseid blir også nokre av kommunen sine eigne utgifter ført som direkte kostnader. Dette er andelar av lønskostnad til ein tilsett i kommunen som er ansvarlig for all fakturering og bilagsattestasjon, og som tek i mot spørsmål frå publikum rundt dei aktuelle sjølvkostområda. Kommunen legg også programutgifter til Komfaktsystemet direkte på dei sjølvkostområda der dette blir brukt.

I sjølvkostkalkyla for 2017 var dei direkte kostnadane på kr 4 177 492 for renovasjon og kr 1 155 471 for slam. I samband med rekneskapsrevisjon i Kviteseid er det kontrollert at inntektene og dei direkte utgiftene på gebyrområdet stemmer overeins med årsrekneskapen.

Kvart år blir det halde to møte med gjennomgang av transaksjonar på alle sjølvkostområda. Eitt møte i samband med budsjett og eitt i samband med rekneskapsavslutninga. Dette gjer kommunen for å finne indirekte kostnader som det er rimeleg å knytte til dei ulike sjølvkostområda. Konsulent frå EnviDan Momentum har i forkant av møta fått tilsendt rekneskapsfiler med alle transaksjoner for det aktuelle året. I møtet blir til det vurdert kva for utgifter i kommunen det er relevante å ta med i sjølvkostrekneskapen. Vidare blir det fastsett fordelingsnøklar for desse. Kommunen går gjennom eventuelle anskaffingar av varige driftsmiddel og om desse kan knytast til gebyrområda.

I sjølvkostkalkyla for 2017 var det sett opp nokre mindre beløp for avskrivingar og kalkulatoriske renter knytt til desse. Vi har fårt opplyst at dette er feilføringar. Anlegga/utstyret det dreier seg om tilhøyrar sjølvkostområdet avløp. I følgje økonomisjefen vil dette bli retta opp i sjølvkostrekneskapen for 2018.

Kommunen hadde sjølvkostfond knytt til renovasjonstenesta på kr 263 437 ved utgangen av året 2017. Tilsvarande fond for tenesteområdet slam var kr 12 917.

Det blei berekna rente av bunden kapital på sjølvkostfond. Rentesatsen var 1.98 %. Det er tilsvarande det Kommunalbanken Norge har oppgitt på sine nettsider:

Snittrenten på 5 års swaprente for 2017 ble 1,48 %. Med tillegg av kalkylerentepåslaget på 0,5%-poeng, får vi en kalkylerente på 1,98 % for 2017.

Vi har henta desse tala frå sjølvkostkalkyla som følgde som note til rekneskapen¹⁹ for 2017.

	Renovasjon	Slam
Direkte kostnader	4 177 492	1 155 471
Indirekte driftskostnader	15 604	7 128
Indirekte kalkulatorisk rente	9	4
Kalkulatoriske avskrivingar	-	26 974

¹⁹ Note 3 til årsrekneskapen for 2017 for Kviteseid kommune.

Kalkulatoriske renter	-	6 676
Andre inntekter	-	-
Sum gebyrgrunnlag	4 193 105	1 196 253
Gebyrinntekter	4 348 360	1 324 141
Årets finansielle resultat	155 255	127 888
Avsett til sjølvkostfond/dekking av framførbart underskot	155 255	113 908
Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot	-	-
Kontrollsum	-	-
Saldo sjølvkostfond 1.1. rapporteringsåret	104 575	-113 980
Alternativkostnad ved bunden kapital på sjølvkostfond eller henførbart underskot	3 608	-991
Saldo Sjølvkostfond 31.12 rapporteringsåret	263 437	12 917

4.1.5 Revisor si vurdering av sjølvkostberekinga Kviteseid kommune

Etter vår vurdering skjer gebyrberekning i Kviteseid kommune i tråd med regelverket.

I dei direkte kostnadene ligg betalinga til Renovest. I tillegg fører kommunen storparten av eigne utgifter knytt til tenestene som direkte kostnader. Det mest vanlege er å føre slike kostnader som indirekte kostnader i dei tilfella der kommunen kjøper sjølve tenesta frå eit selskap. Det gir eit tydeleg skilje mellom kostnaden til selskapet og dei kostnadene som ligg i kommune sjølv.

Dei indirekte kostnadene blir kvart år vurdert og fordelt på dei ulike tenesteområda etter fordelingsnøklar. Dette er i tråd med kva som primært blir anbefalt i *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenster* (H 3/14).

Kommunen sett overskott på dei aktuelle tenesteområda på sjølvkostfond, slik regelverket krev. Det blir berekna og ført rett kalkylerente på fonda.

Kommunen hadde nokre mindre feilføringar i sjølvkostkalkyla i 2017. Desse vil bli retta opp i 2018.

4.1.6 Sjølvkostberekinga i Tokke kommune

Tokke kommune nyttar Norges Kemner og Kommuneøkonomers forbund (NKK) sitt elektroniske rekneark for å berekne og framstille sjølvkostkalkyla.

Dei direkte kostnadene i sjølvkostkalkyla i 2017 var på kr 3 562 221 for renovasjon og kr 580 659 for slam. Dette samsvarar med beløpa som Renovest har fakturert Tokke kommune for i 2017.

Kommunen nytta ikkje ei konkret vurdering med fordelingsnøklar for å berekne kommunen sine indirekte kostnader, men gjer ei forenkla utrekning. Kommunen berekna kor stor (prosentvis) del dei direkte kostnadene for dei aktuelle tenestene (her betalinga til Renovest IKS) var i høve til kommunen si totale netto driftsutgift. Deretter blei den same prosenten nytta for å finne andelen av alle dei administrative kostnadene²⁰ som skal knytast til det aktuelle tenesteområdet. For 2017 la kommunen til grunn at 1,86 % av kommunen sine administrasjonskostnader skulle knytast til tenesteområdet renovasjon. Tilsvarande tal for slam var 0,30 %.

Kommunen har ikkje avskrivingar og/eller kalkulatoriske renter knytt til dei aktuelle sjølvkostområda.

Tokke kommune hadde pr. 31.12.2017 eit sjølvkostfond på kr 566 418 for renovasjon og kr 37 773 for slam.

Det blei berekna rente av bunden kapital på sjølvkostfond. Rentesatsen var 1.98 %. Det samsvarar med det Kommunalbanken Norge har oppgitt på sine nettsider:

Snittrenten på 5 års swaprente for 2017 ble 1,48 %. Med tillegg av kalkylertilslaget på 0,5%-poeng, får vi en kalkylrente på 1,98 % for 2017.

Vi har henta desse tala frå sjølvkostkalkyla som følgde som note til rekneskapen²¹ for 2017.

	Renovasjon	Slam
Direkte kostnader	3 562 221	580 659
Indirekte driftskostnader	375 635	61 067
Kalkulatoriske renter	-	-
Kalkulatoriske avskrivingar	-	-
Andre inntekter		
Sum gebyrgrunnlag	3 936 856	641 726
Gebyrinntekter	-3 700 645	-624 378

²⁰ Administrative kostnader er definert med KOSTRA-funksjonane 110 – 120. Til fråtrekk kjem sjukerefusjonar og momskompensasjon

²¹ Note 10 til årsrekneskapen for 2017 for Tokke kommune.

Årets finansielle resultat	236 211	17 348
Avsett til sjølvkostfond og dekking av framførbart underskot	-	-
Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot	-223 176	-17 348
Kontrollsum	13 035	-
Saldo sjølvkostfond 1.1. rapporteringsåret	776 430	53 344
Alternativkostnad ved bunden kapital på sjølvkostfond eller henførbart underskot	13 164	1 777
Saldo Sjølvkostfond 31.12 rapporteringsåret	566 418	37 733

4.1.7 Revisor si vurdering av sjølvkostberekinga Tokke

Etter vår vurdering skjer gebyrberekning i Tokke kommune i hovudsak i tråd med regelverket.

Etter vår vurdering nyttar kommunen egna verktøy for berekning og framstilling av sjølvkostrekneskapen.

Dei direkte kostnadane er lik fakturert beløp frå Renovest.

Når det gjeld berekning av dei indirekte kostnadene nyttar kommunen ei forenkla utrekning. *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester* (H3-14) opnar for ei slik forenkla utrekning «der den primære fordelingsnøkkelen er vanskelig tilgjengelig, eller vanskelig å oppdatere...». I dei tilfella der kommunen har sett bort sjølve tenesta til eit selskap bør ein gjere ei vurdering om den forenkla metoden gir rett uttrykk for kommunen sine indirekte kostnader knytt til tenesteområdet. Dette av di det er grunn til å tru at dei indirekte kostnadene vil vere lågare enn om tenesta blei utført av kommunen sjølv.

I 2017 blei det teken utgangspunkt i kommunen si totale netto driftskostnad ved berekninga og ikkje totale brutto driftskostand, slik rettleiaren seier. Kommunen er klår over dette, og seier i dei vil nytte total brutto driftskostnad ved seinare berekningar.

Kommunen har sjølvkostfond på begge tenesteområda renovasjon og slam, og det er berekna kalkulatoriske renter av desse i tråd med regelverket.

4.1.8 Sjølvkostberekinga i Vinje kommune

Vinje kommune brukar i 2017 Norges Kemner og Kommuneøkonomers forbund (NKK) si programvare for berekning av sjølvkostkalkyla.

I kommunen si sjølvkostkalkyle er dei direkte kostnadene for renovasjon oppgitt til kr 10 569 727 og for slam kr 2 895 825. Dette er dei same beløpa som Renovest har fakturert kommunen for i 2017.

Kommunen nyttar ei forenkla berekning av dei indirekte kostnadane. Utgangspunktet er dei ulike sjølvkostområda sin del av kommunen sin totale brutto driftskostnad. I 2017 var dette 2,1 % for renovasjon og 0,6 % for slam. Dei same prosentdelane blir så brukte for å finne dei ulike sjølvkostområda sin del av administrasjonskostandene (funksjonane 110-120 og kontoane 10100-14999 minus konto 16900). Rekneskapsansvarleg i kommunen opplyser at dei etter råd frå rekneskapsrevisor for seinare år vil vurdere om prosentsatsen for tenesteområdet renovasjon gir rett uttrykk for dei indirekte kostnadene kommunen har på renovasjonsområdet. Dette av di sjølve tenesta er sett ut til Renovest, og dei indirekte kostnadene moglegvis vil vere lågare enn om tenesta blei utført av kommunen sjølv.

Kommunen utgiftsfører avskrivingar (og kalkulatoriske renter) knytt til tidlegare investeringar på sjølvkostområda. Utgiftene som er belasta sjølvkostområdet renovasjon, gjeld investeringar som er gjort på avfallsmottaket på Hovedstadmogen. Utgiftene som er ført på slam gjeld investeringar på slamlagune i Edland (som no ikkje lenger blir nytta) og tömmestasjon for bubar på Haukel.

Kommunen hadde sjølvkostfond knytt til renovasjonstenestene på kr 1 309 760 ved inngangen til året 2017. For tenesteområdet slam, hadde kommune eit framførbart underskot på kr 1 386 072. I note til rekneskapen for 2017 var det gjort greie for status på fondsavsetningar og kva for år dei skal vere gjort opp.

Vinje kommune har nytta kalkulatorisk rente på 1,98 % i 2017. Dette er lik kalkylerenta som er oppgitt på Kommunalbanken Norge si nettside.

	Renovasjon	Slam
Direkte kostnader	10 569 728	2 895 825
Indirekte driftskostnader	736 811	200 948
Kalkulatoriske renter	44 954	14 717
Kalkulatoriske avskrivingar	169 141	76 776
Andre inntekter		

Sum gebyrgrunnlag	11 520 634	3 188 266
Gebyrinntekter	-11 661 508	- 2 585 870
Årets finansielle resultat	-140 874	602 396
Avsett til sjølvkostfond og dekking av framførbart underskot	140 874	
Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot		-602 396
Kontrollsum	-	-
Saldo sjølvkostfond 1.1. rapporteringsåret	1 144 824	-762 613
Alternativkostnad ved bunden kapital på sjølvkostfond eller henførbart underskot	24 062	-21 063
Saldo Sjølvkostfond 31.12 rapporteringsåret	1 309 760	-1 386 072

4.1.9 Revisor si vurdering av sjølvkostberekinga Vinje

Etter vår vurdering skjer sjølvkostberekinga for avfall og slam i all hovedsak i tråd med regelverket.

Dei direkte kostnadene samsvarar med betalinga til Renovest, og kommunen bereknar dei indirekte etter forenkla metode, slik det er gitt opning for i *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester* (H3/14). Kommunen bør likevel gjere i vurdering av om den forenkla metoden gir rett uttrykk for dei reelle kostnadene, og eventuelt justere prosentsatsen slik at den i størst mogleg grad speglar kostnadene.

Kommunen utgiftsfører avskrivningar som gjeld investeringar, og det er berekna renter av dette i tråd med regelverket.

Investeringane i søppelplassen på Hovedstadmogen og slamlagunen i Edland er relevante investeringar for sjølvkostområda.

Investering i tømmepllass for bubilar meiner vi ikkje kan utgiftsførast på sjølvkostrekneskapen, verken på slam eller avløp. Retten til å krevje avfallsgebyr er regulert i forureiningslova § 34. Regelen gjeld også ved tømming av slamavskiljarar, privet m.v. Anlegg for tømming av avlaupsvatn frå bubilar, fritidsbåtar m.v. er ikkje nemnt i ordlyden. Av lovforarbeida (Ot.prp nr. 48 (1995-1996) pkt. 3.3.2) går det fram at det er kommunen sjølv tar stilling til om det er naudsynt å etablere slike anlegg. Vidare står det at kommunen kan enten velje å etablere slike anlegg sjølv, eller for eksempel stimulere til at slike anlegg blir etablert på campingplassar, bensinstasjonar o.l. der bil- og båtturistar kan tømme oppsamlingstankane, eventuelt mot eit gebyr til eigaren. Det er ikkje fastsett gebyr for å bruke desse anlegga, og kostnaden blir såleis

finansiert av abonnentane innanfor slamtømming. Slik vi tolkar forureiningslova § 34, jf. § 26, er det ikke høve til å utgiftsføre kostnadene til tømmepllass for bubilar på sjølvkostområdet for slam. Denne tolkinga harmonerer også med at kostnader ved avfallshandtering etter forureiningslova § 35 heller ikke kan dekkast av abonnentane sine gebyr etter § 34 (kostnader ved handtering av avfall på utfartsstader o.l.).

Overskott på sjølvkostområdet renovasjon har blitt sett på fond. Tilsvarende har kommunen framførbart underskott på sjølvkostområdet slam. Dette er i tråd med reglane om sjølvkost. Det blir berekna rett kalkylerente på fond/memoriakonto.

5 Forskrift om feiing og tilsyn

Er forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje²² i tråd med heimelsgrunnlaget?

Revisjonskriterium

Heimelsgrunnlaget som er oppgitt for forskrifa er

- LOV-2002-06-14-20-§28 (brann og eksplosjonsvernlova)
- FOR-2015-12-17-1710 (forskrift om brannførebygging)

Heimelsgrunnlaget er nærmere skildra i vedlegg 2. Vi har utleidd følgjande revisjonskriterier:

- *Den lokale feieforskrifta må vere vedtatt av kommunestyret sjølv.*
- *Gjennomføring av feiing og tilsyn må vere regulert i samsvar med kommunen sine lovpålagde oppgåver.*
- *Gebyra må gjelde lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg som blir brukt til oppvarming av byggverk.*
- *Kommunen kan ha gebyrordeining med flatt gebyr eller gebyr som speglar kostnaden ved den tenesta som eigar av fyringsanlegget får.*
- *Forskrifta må regulere gebyra i samsvar med sjølvkostreglane.*

5.1 Fakta om forskrift om feiing

5.1.1 Vedtatt av kommunestyret sjølv

Kommunane som er knytt til det interkommunale Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark har vedteke likelydande forskrifter *om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr*. I det vidare nyttar vi nemninga den lokale feieforskrifta om desse.

²² FOR-2017-11-16-2209 (Vinje kommune), FOR-2017-12-14-2494 (Fyresdal kommune), FOR-2017-11-16-2493 (Tokke kommune), FOR-2017-12-14-2495 (Seljord kommune) og FOR-2017-11-09-2492 (Kviteseid kommune). Desse er likelydande med unnatak av kommunenamnet.

Den lokale feieforskrifta er vedteke av dei respektive kommunestyra²³ som følgjer:

Kommune	Dato	Sak nr.	
Kviteseid	9. november 2017	74/17	<i>Vedlagte forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg for Kviteseid kommune godkjennast.</i>
Seljord	14. desember 2017	104/17	<i>Forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Seljord kommune godkjennast slik den ligg føre.</i>
Tokke	16. november 2017	17/51	<i>Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Tokke kommune godkjennast slik den ligg føre.</i>
Vinje	16. november 2017	81/2017	<i>Kommunestyret godkjenner vedlagde forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Vinje kommune.</i>

Det går fram av forskrifta at «styret får fullmakt til å gjere mindre vesentlege endringar i forskrifta», jf. § 14.

5.1.2 Regulering av gjennomføring av feiing og tilsyn

Den lokale feieforskrifta har som føremål å regulere gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg og gebyrordninga for feiing og tilsyn, jf. § 1. Verkeområdet for forskrifta er feiing og tilsyn med fyringsanlegg for brannobjekt i deltakarkommunane, jf. § 2. Brannobjekt er definert som bustader, fritidsbustader, verksemder, konstruksjonar, anlegg m.m. der brann kan oppstå og true liv, helse og materielle verdiar.

Den lokale feieforskrifta seier at det skal feiast så ofte som det er naudsynt etter ei konkret vurdering av fyringsanlegget, jf. § 4. Det er regulert kva grunnlag vurderinga

²³ I samsvar med bestilling av denne forvaltningsrevisjonen har vi ikkje undersøkt handsaminga i Fyresdal.

skal bygge på. Behovet skal gå fram av ein rullerande plan. Bustader skal i følgje forskrifta feiast minst kvart tredje år. Når det gjeld fritidsbustader, skal det i fyrste omgang berre feiast i fritidsbustader som ligg nær bilveg, men der skal det feiast minst kvart tredje år. Tilsyn skal skje etter behov og etter faste intervall: minst kvart sjette år, og alltid etter brann eller eksplosjon, jf. lokal feieforskrift § 5.

Feiinga skal i følgje forskrifta utførast på ein fagleg tilfredsstillande måte, og feiaren skal syte for at sot vert fjerna.

5.1.3 Reglane om gebyr

Det går fram av den lokale forskrifta at sjølvkostprinsippet skal gjelde, og at kommunestyret skal fastsetje gebyret.

Gebyr skal krevjast inn for alle bueiningar/bygg, jf. § 7. Vidare står det at det skal vere gebyr for alle bueiningar/bygg som har ein eller fleire faste tilknytte eldstader, og at gebyret skal setjast likt for kvart røykløp. I § 8 står det at ein kan søke om fritak frå gebyr dersom ein ikkje har installert eldstad eller om fyringsanlegget er fråkopla og skorsteinen blenda.

Det går fram at gebyrplikta ikkje er knytt til tidspunkt for feiing eller tilsyn, og at gebyr kan krevjast i visse tilfelle, sjølv om feiing eller tilsyn ikkje var naudsynt eller mogleg å gjennomføre pga tilkomst, jf. § 7 siste ledd.

5.2 Revisor si vurdering av feieforskrifta

5.2.1 Vedtatt av kommunestyret sjølv

Forskriftene er vedtatt av kommunestyra. Forskrifta opnar for at styret i Brannvern IKS kan gjere mindre vesentlege endringar i forskrifta. Vi vil peike på at kommunestyret ikkje kan delegere mynde til å endre reglane om gebyr, i og med at gebyrheimelen for dei lokale forskriftene legg mynda til «kommunestyret sjølv», jf. brannvernlova § 28 andre ledd.

5.2.2 Regulering av gjennomføring av feiing og tilsyn

Forskrifta etablerer pliktig feiing og tilsyn for byggverk i samsvar med forskrift om brannforebygging § 17, bortsett frå unntaket for fritidsbustader som ikkje ligg nær bilveg. Etter det vi kan sjå, er det ikkje høve til å gjere generelt unntak for fritidsbustader på grunn av avstand frå bilveg. Det må eventuelt ligge ei

behovsvurdering til grunn for fritaket. Vi kan ikkje sjå at forskrifta legg opp til det, eller at fritaket i forskrifta bygger på ei vurdering av manglande behov.

5.2.3 Gebyr for feiing og tilsyn

Det går fram av den lokale forskrifta at gebyret er likt for alle røykløp. Ei slik innretning av gebyra ligg innanfor det kommunestyret kan bestemme.

Det går også fram av den lokale forskrifta at gebyret blir kravd inn for alle
bueiningar/bygg i kommunen. Vidare opnar forskrifta for at kommunen etter søknad
kan gi fritak frå gebyr for byggverk som ikke har eldstad. Det kan vere at ordninga i
praksis sikrar at ingen utan eldstad betaler gebyr, men denne reguleringa er formelt
sett ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget. Det er ikkje høve til å krevje at bustader
utan eldstad må søke om fritak frå gebyr. Rett regulering vil vere at det skal krevjast
inn gebyr for bueingar/bygg som har eldstad.

6 Oppfølging av tidlegare selskapskontroll

I kva grad er kommunestyra sine vedtak etter forvaltningsrevisjonen om sjølvkost på feietenester følgt opp:

vedtak som gjeld Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS

vedtak som gjeld kvar einskild kommune

6.1 Revisjonskriterium

- *Rådmannen skal sørge for at kommunestyra sine vedtak blir sett i verk.*
- *Deltakarane i interkommunale selskap utøver myndet gjennom representantskapet.*
- *Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtala og andre vedtak og retningsliner som er fastsett av representantskapet.*

6.2 Oppfølging av kommunestyra sine vedtak

Vi ser her på i kva grad kommunestyra sine vedtak om forvaltningsrevisjonsrapporten 433 006 Brannvern-samarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost på feietenester og tilhøyrande rapportar om berekning av sjølvkost i kommunane²⁴ er følgt opp.

6.2.1 Vedtak som gjaldt Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS

Rapporten blei handsama i kontrollutvala i eigarkommunane og vidare i dei respektive kommunestyra for endeleg vedtak.

Kommune	Dato	Sak
Fyresdal	25. januar 2018	3/18
Kviteseid	9. november 2017	73/17
Seljord	12. april 2018	24/18
Tokke	12. desember 2017	17/64
Vinje	16. november 2017	74/2017

I alle kommunestyra, med unnatak av i Kviteseid²⁵, blei det gjort slikt likelydande vedtak:

²⁴ Rapportane 433006 1-6

²⁵ Vedtaket i Kviteseid inneheldt ikkje noko om anbefalingane som gjaldt selskapet. Vedtaket var som følgjer: *Kviteseid kommunestyre tek rapporten frå kontrollutvalet til vitande. Kommunestyre vel å ikke srykke memoriakonto i samband med tidlegare års underskott på feietenestene.*

Selskapet bør:

- *Gjere konkrete vurderinger kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til forholdsmessig førebyggande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.*
- *I større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekinga i selskapet.*
- *Sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.*

Leiar i Vest-Telemark Brannvernsamarbeid seier selskapet ikkje har fått informasjon frå kommunane om vedtaka som er gjort i kommunestyra.

Vi har i e-post spurde kommunane korleis dei aktuelle kommunestyrevedtaka blei følgt opp. Med unnatak frå Vinje og Seljord har vi (pr. 1. mars 2019) ikkje fått svar frå dei andre eigarkommunane. Frå Vinje får vi opplyst at vedtaket ikkje har blitt formidla til selskapet. Rådmannen beklagar dette, og seier at dei vil gå gjennom rutinane for oppfølging av saker som kjem via kontrollutvalet. Frå Seljord får vi opplyst at melding til selskapet ikkje har vore gitt før no nyleg, 18. februar 2019.

Forvaltningsrevisjonsrapporten er ikkje handsama i representantskapet i selskapet.
Leiar i selskapet seier rapporten har vore lagt fram som referatsak i styret.

For å undersøke oppfølginga har vi har bedt selskapet gjere greie for korleis vedtaka i kommunestyra er blitt følgt opp, vi har gått gjennom selskapet si årsmelding for 2017, sjekka fakturaer frå selskapet til kommunane, og vi har sjekka registreringar om styret i selskapet i offentlege register.

Vurdering og dokumentering av fordeling av administrative kostnader

Leiar av selskapet seier det er revisor som i samband med avslutning av årsrekneskapen gjer ei fordeling av administrasjonskostnader på dei to områda førebygging og feiing/tilsyn (som er sjølvkostteneste).

Fordeling av felles kostnader blir gjort forholdsmessig etter del av lønskostnadene på dei to områda i selskapet (førebygging og feiing/tilsyn). Det har ikkje vore noko ny vurdering av måten å gjere fordelinga på.

Informere om sjølvkostberekinga

På spørsmål om korleis informasjonen om grunnlaget for sjølvkostberekinga er betra, svarar dagleg leiar at dette punktet i liten grad har vore følgt opp.

Oppdatering i Brønnøysundregisteret

I rapporten frå 2017 blei det peika på at opplysninga om styremedlemmar i selskapet ikkje var oppdater ti Brønnøysundregisteret. Vi har undersøkt opplysningane i registeret pr. 2 desember 2018 og der er oppgitt styresamsetning som vist under. Oversikta stemmer med styret som blei valt på ekstraordinært representantskapsmøtet 24. november 2017:

Styrets leder:

Gunnar Eilefstjønn

Nestleder:

Tone Edland

Styremedlem:

Kristine Sandall

Sverre Bakke

Magnhild Nordskog Ek Brynilsen

Nils Kristian Moe

Varamedlem:

Geir Christian Enger

Ellen Ofte Jakobsen

Åge Verpe

Kjetil Lien Sundsdal

Frid Elisabeth Berge

Elise Lauvrak

Årsmeldinga

I forvaltningsrevisjonsrapporten frå 2017 blei det peika på at årsmeldinga frå 2016 mangla opplysningar som det er sett krav til i reknesakslova²⁶. Vi viste til slike funn i rapporten:

1. *Det er ikkje oppgitt kor selskapet held til (adresse) og opplysningar om eventuelle filialar.*
2. *Det er ikkje bekrefta i årsmeldinga at føresetnadene for fortsatt drift er til stades.*
3. *Tilstanden når det gjeld likestilling eller mogleg påverknad på ytre miljø er ikkje omtalt i årsmeldinga.*
4. *Årsmeldinga inneholder ikkje opplysningar om arbeidsmiljøet generelt eller særskilte opplysningar om skader, ulykker eller sjukefråvær.*

Ei gjennomgang av årsmeldinga for 2017 viser følgjande:

²⁶ Lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap m.v. (regnsaksloven) § 3-3a

1. Punkt ein om manglande informasjon om selskapet si adresse er ikkje følgt opp.
2. I årsmeldinga for 2017 stadfester styret at føresetnadene for vidare drift er til stades.
3. Det er i årsmeldinga gjort greie for kjønnsbalanse i styret (50 % av kvart kjønn) og hjå dei tilsette (100 % menn). Tiltak for å betre kjønnsbalansen hjå dei tilsette er ikkje omtala. Selskapet sin påverknad på ytre miljø er ikkje omtala.
4. Arbeidsmiljøet er med bakgrunn i rapporteringar frå *Bedriftshelsen* beskrive som svært godt. Sjukfråveret er oppgitt til 1,64 %.

Årsmeldinga for 2018 var på tidspunktet for vår undersøking ikkje lagt fram. I høyringssvaret frå selskapet kjem det fram at det er gjort i årsmeldinga for 2018 slik at dei manglar som var peika på i rapport 433 006 no er retta opp.

Fakturering

I følgje selskapsavtala skal selskapet fakturere kommunane to gonger i året (1. januar og 1. juli) med ei årsavrekning innan 31. desember. Vi peika på avvik frå dette for året 2016. Vi har undersøkt korleis selskapet fakturerte kommunane i 2018. Fyrste a konto faktura blei sendt ut i byrjinga av januar og siste a kontorekning i perioden 9. juni til 14. juli. Avrekninga for 2018 er vil bli sendt ut straks etter at rekneskapen er vedteken av styret. Styremøtet er beramma til 12. mars 2019. Leiar i selskapet seier at det ikkje er praktisk mogleg å følgje opp krava i selskapsavtale av di rekneskapen ikkje blir avslutta før 1. februar kvart år.

6.2.2 Vedtak som gjaldt kommunane

Vedtak i Kviteseid kommune

Kommunestyret i Kviteseid handsama rapportane i sak 73/17.

Frå saksframstillinga:

Vurdering:

For Kviteseid kommune er det kun eit punkt som vert omtala i vedtaket frå kontrollutvalet. Har Kviteseid kommune meint at det skal vere full inndeckning på sjølvkostområdet feiing, og i tilfelle er det gjort vedtak som underbygger dette.

Rådmannen meiner det har vore kommunestyret si intension at sjølvkostområda skal ha full inndeckning. Sjølv om dette ikkje er stadfesta i vedtaks form, er det lagt til grunn i budsjett og rekneskap frå 2006, når kommunen var på veg ut av ROBEK, og i 2014 i samband med store innsparinger for å lage eit budsjett i balanse. Frå 2016 er det kome inn som ein

del av budsjettsaka, og det er i klartekst sagt at det skal vere full inndeckning også innanfor sjølvkostområdet feiing.

Rådmannen si tilråding:

Kviteseid kommunestyre tek rapporten frå kontrollutvalet til vitande.

Kommunestyret vel å ikkje stryke memoriakonto i samband med tidlegare års underskott på feietenestene.

Vedtak:

Kviteseid kommunestyre tek rapporten frå kontrollutvalet til vitande.

Kommunestyre vel å ikkje stryke memoriakonto i samband med tidlegare års underskott på feietenestene.

Frå administrasjonen i kommunen har vi fått bekrefta at det ikkje er gjort endringar i den aktuelle memoriakonto.

Kommunestyret har i sak om budsjett 2019 (sak 80/18) gjort slikt vedtak om dekningsgrad innafor sjølvkostområda.

2. Sjølvkostområder

Kviteseid kommune skal ha 100 % kostnadsdekning for inneverande og framtidige år. Vedtaket gjeld følgjande områder: vann, avløp og feiing.

Området slamtømming og renovasjon er regulert av gjeldande lovverk.

Vedtak i Tokke kommune

Kommunestyret i Tokke handsama rapporten 433 006-4 Sjølvkost på feietenester – Tokke kommune i sak 17/64.

Vedtaket i kommunestyret blei som følgjer:

Kommunen bør:

- *vurdere å berekne dei indirekte kostnadene i sjølvkostkalkylen i tråd med det rettleiarens primært rår til.*
- *ta kapitalkostnad for brannbil som blir nytta av anna teneste ut av sjølvkostberekinga*
- *nytte memoriakonto for framførbart underskott frå 2016 på sjølvkostområdet feiing og tilsyn.*

Vi har etterspurd korleis vedtaket er følgt opp. Frå økonomisjefen i Tokke i kommune får vi opplyst at kommunen 2017 gjekk over til å nytte NKK sitt sjølvkostprogram, og at dette sikrar rett måte å rekne indirekte kostnader på.

Kapitalutgiftene til brannbil er ikkje teke med i sjølvkostrekneskapen for 2017.

Det er ikkje førd memoriakonto for framførbart underskott frå 2016. Økonomisjefen seier det for han var litt uklart om dette kunne gjerast, men seier at dette vil bli vurdert på nytt no.

Vedtak i Vinje kommune

Kommunestyret handsama forvaltningsrevisjonsrapporten 433 006-5 Sjølvkost på feietenester – Vinje kommune i sak 24/18. Det blei gjort slikt vedtak

Kommunen bør:

- *Sjå til at berekninga av dei indirekte kostnadene vert rett.*

Bakgrunnen var at vi i vår rapport peika på at grunnlaget for berekninga av dei indirekte kostandene ikkje var i samsvar med *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenster* (H3/14).

Vi ser av berekning av sjølvkost for 2017 at kommunen har endra praksis og har berekna feietenestene sin del av dei indirekte kostnadene tilsvarande tenesta sin del av kommunen sine totale brutto driftsutgift.

6.3 Revisor si vurdering av oppfølging av tidlegare selskapskontroll

6.3.1 Vedtak som gjaldt selskapet

Kommunestyra i eigarkommunane har gjort vedtak om kva selskapet bør gjere i høve til funna i forvaltningsrevisjonsrapporten frå 2017, men vedtaka er ikkje formidla til selskapet. Etter vår vurdering burde dei respektive kommunane v/administrasjon og/eller eigarrepresentant informert styret i selskapet om vedtaka og bedt om oppfølging på føremålstenleg måte, om naudsynt ved at styret tok opp saka i representantskapet.

Styret i selskapet har handsama rapporten som referatsak. Etter vår vurdering kunne det sikra ei betre oppfølging dersom styret hadde handsama rapporten og gitt eventuelle føringar for oppfølginga.

Slik vi vurderer det har selskapet berre i mindre grad følgt opp dei anbefalingane kommunestyra i alle eigarkommunane har vedteke.

Vurderinga av fordelinga av dei administrative kostnadene skjer på same måte som i 2016. Det er ikkje dokumentert noko ny vurdering av om dette gir rett fordeling av dei administrative kostnadane.

Vi kan ikkje sjå at selskapet har betra informasjonen til kommunane eller publikum om grunnlaget for sjølvkostberekinga.

Selskapet har oppdatert Brønnøysundregisteret med riktig informasjon om styre-samansetning.

I Årsmeldinga for 2017 var følgjande punkt ikkje i orden:

- Selskapet si adresse er ikkje oppgitt i årsmeldinga.
- Tiltak for å betre kjønnsbalansen hjå dei tilsette er ikkje beskrive.
- Selskapet si påverknad på ytre miljø er ikkje beskrive.

I høyringssvaret frå selskapet får vi opplyst at alle dei aktuelle punkta er lagt inn/beskrivi i årsmeldinga for 2018.

Fakturering

I følgje selskapsavtala skal selskapet fakturere kommunane to gonger i året (1. januar og 1. juli) med ei årsavrekning innan 31. desember. Vi peika på avvik frå dette for året 2016 i vår forvaltningsrevisjonsrapport frå 2017. Selskapet har i 2018 sendt ut a kontorekningar i tråd med selskapsavtala. Årsavrekninga blir framleis ikkje sendt ut i samsvar med selskapsavtala.

Vi ser at det er praktiske problem med å følgje selskapsavtale sitt punkt om avrekninga for det aktuelle året innan 31. desember. Dersom det ikkje er mogleg for selskapet å følgje krav i selskapsavtala, bør styret ta opp spørsmålet om endring, slik at selskapsavtala blir i samsvar med ynskt praksis.

6.3.2 Vedtak som gjaldt kommunane

Vedtak i Kviteseid kommune

Kviteseid kommune har etter vår vurdering følgt opp kommunestyret sitt vedtak i sak 73/17.

Vedtak i Tokke kommune

Tokke kommune har følgt opp kommunestyret sitt vedtak i sak 17/64, bortsett frå at spørsmålet om føring av memoriakonto for framførbart underskott frå 2016 ikkje er avklart.

Vedtak i Vinje kommune

Etter vår vurdering har Vinje kommune følgt opp vedtaket i kommunestylesak 24/18.

Grunnlaget for berekning av dei indirekte kostnadene skjer no i samsvar med *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenster (H3/14)*

7 Konklusjonar og tilrådingar

7.1 Konklusjonar

Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

Forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget. Det er ein intensjon i regelverket at avfallsgebyret for den einskilde så langt som mogleg skal spegle det det kostar å gi tenesta til den enkelte eigedom. Kommunane har likevel høve til å bestemme at det skal vere lik pris for alle eigedomskategoriar.

Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:

- Kommunane har ikkje høve til å gi Renovest IKS heimel til å endre forskrifa.
- Det er ikkje høve til å differensiere prisane ut frå sosiale omsyn eller formål.
Gratis ekstra sekk for bleietrengande skal ikkje finansierast av avfallsgebyra, og er såleis ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget.

I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost og er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande krav?

Etter vår vurdering følgjer Renovest IKS i hovudsak reglane om sjølvkost.

Selskapet sin praksis med sjølvkostfond er ikkje i tråd med regelverket. Handtering av fond bør så langt det er praktisk mogleg bli tilpassa regelverket.

Selskapet bør gjere eit skilje i rekneskapen mellom kostnader og inntekter som gjeld handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.

Fordelinga av kostnadene mellom kommunane er etter vår vurdering i tråd med regelverket.

I kva grad skjer gebyrberekninga i kommunane i tråd med regelverket?

Etter vår vurdering skjer gebyrberekninga i dei kommunane vi har undersøkt i all hovudsak i tråd me regelverket.

Er forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

Forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg m.mv. er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget.

Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:

- Kommunane har ikkje høve til å gi Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS heimel til å endre forskrifa.
- Det er ikkje heimel til å gjere generelt unntak for fritidsbustader på grunn av avstand frå bilveg.
- Det er ikkje høve til å krevje gebyr for byggverk som ikkje har eldstad.

I kva grad er kommunestyra sine vedtak etter forvaltningsrevisjonen om sjølvkost på feietenester følgt opp?

Vedtak som gjaldt Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS

Vedtaka i kommunestyra etter forvaltningsrevisjonen om sjølvkost på feietenester er i liten grad følgt opp.

- Kommunane/eigarrepresentantane har ikkje formidla vedtaka til selskapet.
- Styret i selskapet har handsama rapporten som referatsak. Styret har ikkje gjort tiltak for å sikra oppfølging av føringane frå eigarkommunane.
- Selskapet har berre i mindre grad følgt opp dei anbefalingane som kommunestyra i alle eigarkommunane har vedteke.

Vedtak som gjaldt kommunane

Vedtak i Kviteseid kommune

Kviteseid kommune har etter vår vurdering følgt opp kommunestyret sitt vedtak i sak 73/17.

Vedtak i Tokke kommune

Tokke kommune har følgt opp kommunestyret sitt vedtak i sak 17/64, bortsett frå at spørsmålet om føring av memoriakonto for framførbart underskott frå 2016 ikkje er avklart.

Vedtak i Vinje kommune

Etter vår vurdering har Vinje kommune følgt opp vedtaket i kommunestylesak 24/18.

Grunnlaget for berekning av dei indirekte kostnadene skjer no i samsvar med *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenster (H3/14)*

7.2 Tilrådingar

Vi meiner at kommunane bør sørge for:

- at forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er i tråd med heimelsgrunnlaget.
- at handsaming av sjølvkostfond i Renovest IKS så langt det er praktisk mogleg blir handsama i samsvar med reglane om sjølvkost.
- at Renovest IKS gjer eit tydeleg rekneskapsmessig skile mellom handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.
- at lokale forskrifter om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er i tråd med heimelsgrunnlaget.
- at vedtaka i kommunestyra vedr. handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapport *433 006 Brannvern-samarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost på feietenester* blir følgt opp.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven)
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.
- Lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap (IKS-lova)
- Lov 13. mars 1983 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og ekspljosjonsvernlova)
- Forskrift 17.desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging

Offentlege dokument

- Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) Om lov om vern mot forurensninger
- Ot.prp. nr. 66 (1992-1993) Om lov om endringer i forurensningsloven

Elektroniske kjelder

- «Renovasjonsavgift for fritidsboliger», www.Miljodirektoratet.no, 10.09.2018, web. 23.01.19
- Gyldendal Rettsdata Kommune, web 23.01.19
- www.dsb.no «Veileding til forskrift om brannforebygging», publisert 2016, web. 23.01.19

Rettleiarar, bøker, artiklar

- Kommunal og moderniseringsdepartementet: H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester
- Kommunal og moderniseringsdepartementet: KOSTRA – rettleiar for rapportering, 2018
- Wang, Øystein (2015): Forurensningsloven med kommentarer, Gyldendal Norsk forlag

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå kommunane og selskapa



Vinje kommune
Rådmannen



TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS
Postboks 2805

3702 SKIEN

Sakshands.
JANMY

Saksnr.
2018/1509

Lepenr.
6491/2019

Arkiv
SA5

Dato
14.03.2019

Høyringssvar - Forvaltningsrevisjon om renovasjonstenester, feiing og branntilsyn

Syner til tilsendte rapportutkast.

Hovudinntrykket i administrasjonen i Vinje er at dette er ein god rapport, og at det som blir peika på er rett.

Av mindre vesentlege merknader har vi følgjande:

1. Me merkar oss at det ikkje er høve til å legge mynde til endring av forskrifter til dei interkommunale samarbeida. Dette må me rette opp.
2. Utjamningsfond i dei interkommunale selskapa med tidshorisont på 2 – 3 år er eit godt supplement til kommunenes sjølvkostfond. Dette vil lette balansering av over-/underskot. Innan sjølvkostområde feiing blir det sendt oppgjer i april/mai kvart år. Dette fører til ein ubalanse i høve til budsjettering av utgifter og avgifter.
3. Det er svært små kostnader knytt til gratis blåsek til bleier, men me registrerer altså at dette ikkje er høve til.

Med helsing

Jan Myrekrok
rådmann

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.



**Vest-Telemark
Brannvesen**

Høydalsvegen 815,
3891 HØYDALSMO

Telefon: 35 07 57 11
Telefaks: 35 07 57 35
E-post: post@vtbv.no
Org. nr.: 994 517 139 mva

19.03.19

Høyringsuttale på revisjonsrapport fra Telemark kommunerevisjon

Styret i Vest Telemark brannvesen IKS vil gje følgjande høyringsuttale til revisjonsrapport 750018:

• **Årsmelding:**

Selskapets adresse er lagt inn i årsmelding 2018.

Tiltak for å betre kjønnsbalansen blant ansatte er beskrive i årsmelding 2018.

Tiltak for å betre ytre miljø blir beskrivi i årsmelding 2018.

• **Fakturering til kommunane:**

Styret må legge fram ei sak til kommunane om endring av selskapsavtala, på punktet om fakturerering som gjer at avtala er mogleg å håndtere i praksis. Gjeld m.a datoar for fakturering.

• **Informasjon om sjølvkostbereking:**

Leiar av selskapet seier det er revisor som i samband med avslutning av årsrekneskapen gjer ei fordeling av administrasjonskostnader på dei to områda.

For å få ei betre oversikt over kommunane vil ein frå og med revidert budsjett 2019 legge denne fordelinga inn i budsjettet. Då vil kommunane få ein mykje betre oversikt over utgifter/gebrysatsar i budsjettprosessen.

• **Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg m.v.:**

Styret må legge fram denne forskriftena for eigarkommunane med framlegg om endring av dei påpeika punkta i revisjonsrapporten, slik at forskriftena blir i tråd med heimelsgrunnlaget.

• **Oppdatering av Brønnøysundregisteret:**

Dette er korrekt i årsmelding 2017 og 2018.

Med helsing

Gunnar Eilefstønn
Styrelseiar

Tore Metveit
Brannsjef

POSTADRESSE:
3891 HØYDALSMO



Telemark kommunerevisjon IKS

Kommentarar til forvaltingsrapport 2019 / 705 018 – Telemark Kommunerevisjon IKS

Utkast til forvaltingsrapport 2019 / 705 018 er mottatt den 1. mars 2019.03, og det er gjeve frist til 19. ds. med høyringssvar/-uttale.

I all hovudsak oppfattast rapporten frå verksemda sin ståstad som positiv, sjølv om ein «rein» rapport hadde vore å føretrekke.

Ein har følgjande kommentarar:

1. *Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?*

Forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget. Det er ein intensjon i regelverket at avfallsgebyret for den einskilde så langt som mogleg skal spegle det det kostar å gi tenesta til den enkelte eigedom.

Kommunane har likevel høve til å bestemme at det skal vere lik pris for alle eigedomskategoriar, slik ein har bestemt her.

Kommentar frå RV:

Den lokale føresegna er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget.

Men, revisor viser til intensjonen i regelverket om spegling av avfallsgebyret mot reelle kostnader til ulike eigedomskategoriar.

2. *Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:*

- i. Kommunane har ikkje høve til å gi Renovest IKS forskriftsmynde.
- ii. Det er ikkje høve til å differensiere gebyra ut frå sosiale omsyn eller formål. Gratis ekstra sekk for bleietrengande skal ikkje finansierast av avfallsgebyra, og denne prisdifferensieringa er såleis ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget.

Kommentar frå RV:

- i. Mynde til endring av føresegn

I gjeldane føresegn, §16 – andre pkt. – er fig. skildra:

Mindre endringar i denne føresegna kan endrast av styret i Renovest IKS

Jf. revisjonen er det ikkje høve til dette, og konsekvensen vil måtte vera å endre føresegna på dette punktet.





ii. Differensiering av gebyr ut frå sosiale omsyn

Gratis utdeling av ekstra sekk til pleietrengande er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget.

Styret i Renovest fatta slikt vedtak i sak 07/2009:

Sak 07-09 Tilbod til bleiefamilier.

Vedtak: Renovest gjev eit tilbod til bleiefamiliar om at dei kan få 20 stk blåsekk pr. born, etter rekvisjon frå helseetaten. Andre pleietrengande kan få inntil 10 blåsekk pr. år etter rekvisjon frå heimesjukepleien.

Samrøystes.

Jf. påstand i forvaltingsrapporten er denne ordninga ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget, og vedtak 07-2009 bør avlysast og ordninga avslutta og event. vidareførast i kommunal regi.

3. I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost, og er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande krav?

- Selskapet sin praksis med sjølvkostfond er ikkje i tråd med regelverket. Handtering av fond bør så langt det er praktisk mogleg bli tilpassa regelverket.

Kommentar frå RV:

- Jf. H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester finn ein følgjande:

8.1 ANSVAR OG PRINSIPPER FOR BEREGNING AV SELVKOST VED ULIK ORGANISERING

Selvkostprinsippet gjelder uavhengig av hvordan tjenesten er organisert. Det mest vanlige er at kommunen som sådan er ansvarlig for å utarbeide selvkostkalkyler. Dersom selvkosttjenesten, dvs. de direkte henførbare tjenestene, kjøpes gjennom andre selskaper, samarbeidsformer eller foretak etter anbudsrunde, vil kjøpsprisen inngå i kommunens selvkost som en direkte kostnad. Disse selskapene, samarbeidsformene og foretakene kan imidlertid på sin hånd være ansvarlige for å utarbeide selvkostkalkyler for selvkosttjenesten, herunder eventuelt et system for hvordan de direkte kostnadene skal fordeles på deltakende kommuner. Når kommunen ivaretar administrative funksjoner på selvkostområdet, så som fakturering, regnskapsføring og oppfølging, vil dette være indirekte tjenester i selvkostkalkylen. Dersom kommunen har satt ut hele tjenesten til et selskap, samarbeid eller foretak, altså både selvkosttjenesten og de indirekte tjenestene, herunder fakturering, vil disse organisatoriske enhetene som regel være ansvarlige for å utarbeide selvkostkalkylen i sin helhet. I slike tilfelle skal kommunen opplyse om organisasjonsformen og resultatet av selvkostområdet i noteopplysninger i sitt regnskap.

EKSEMPEL

Et energigjenvinningsselskap kan være et eksempel på at deler av kjernetjenesten ivaretas av egen organistisk enhet eller selskap. Renovasjonsheten kjøper behandling (forbrenning) av avfall hos energigjenvinningsselskapet, og denne tjenesten blir en kjøpskostnad i renovasjonsheten. Energigjenvinningsselskapet på sin hånd må skille mellom forbrenning av husholdningsavfall og næringsavfall for å tilfredsstille kravet om at bare husholdningsavfall er omfattet av lovpålagt selvkost. Med hensyn til hvor selvkostfondet skal ligge, vil det som utgangspunkt være naturlig at den enheten som har gebyrinntektene, også har fondet.





Når en kommune kjøper selvkostområdets selvkosttjeneste av et selskap, og i tillegg har vesentlige indirekte og eventuelt direkte kostnader også i egen regi, bør selvkostfondet håndteres i kommunens kalkyle og regnskap.

Utførende selskap avregner i så fall kostnadene på kommunen/kommunene, og har ikke eget selvkostfond.

Når kommuner har satt bort hele gebrytjenesten til et selskap, både direkte og indirekte tjenester, vil det være selskapet som har selvkostfond. Kommunene vil i disse tilfellene ikke ha selvkostfond, men bør gi opplysninger om etterkalkylen i noter til regnskapet.

Retningslinjene legger også til grunn at selskapene – dersom eierkommunene ønsker det – kan ha selvkostfondet, så sant selskapet overholder kravet til dokumentasjon av selvkost og praktiserer selvkostprinsippet innenfor de rammer som retningslinjene gir.

Uavhengig av hvor selvkostfondet er lagt, vil det imidlertid alltid være kommunen som til syvende og sist har ansvaret for at selvkost og gebrynnivået er korrekt. Kommuner og selskaper kan ha forskjellige regnskapsprinsipper og derav forskjellig uttrekk til selvkostkalkylen. Dette er nærmere omtalt i kapittel 3.

Samtidig er reglene for selvkost på visse områder forskjellig fra hvordan de samme økonomiske hendelser håndteres i regnskapene, jf. bl.a. aktivering av investeringer og av- og nedskrivninger. Det er derfor viktig å understreke at der det er forskjeller er det prinsippene for selvkost som skal være grunnlaget for selvkostkalkylen, ikke regnskapsreglene.

Kommunene kan velge om de vil ta hånd om selvkosttjenesten selv eller helt eller delvis kjøpe tjenesten fra eksterne tilbydere. Dette kan være kjøp som inngår i den kommunale gebrytjenesten, og det kan være kjøp av tjenester som fullt ut erstatter den kommunale tjenesten.

Organisasjonsformen sier noe om hvordan og i hvilket omfang gebrytjenesten kjøpes. Dersom kommunen velger å kjøpe tjenesten i markedet, er anskaffelsen omfattet av regelverket om offentlige anskaffelser. Dette regelverket har som formål å sikre mest mulig effektiv ressursbruk basert på forretningsmessighet og likebehandling.

Anbudsprinsippet innebærer at den prisen som betales, er den foretrukne etter en samlet vurdering opp mot gitte kriterier, og skal inngå som kostnad i selvkostkalkylen. Denne prisen ligger fast uavhengig av hvilken avkastning selskapets eiere får i form av utbytte, gevinst ved salg av eierandeler eller hva kreditorer får i renter på lån.

4. *Selskapet bør gjøre et skilje i rekneskapen mellom kostnader og inntekter som gjeld handtering av slam fra bustader og slam fra reinseanlegg i kommunane.*

Kommentar frå RV:

Slam frå dei to kategoriene, hushald og reinseanlegg, er to forskjellige sjølvkostrekneskap i kommunane og difor bør RV og i sine rekneskap gjera skilje, registrere inntekter og kostnadar, i to avskilde avdelingsrekneskap, dvs. to «underrekneskap» - dette jf. melding frå revisor hald.





OPPSUMMERING

1. *Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?*

Forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget.

Kommunane har høve til å bestemme at det skal vere lik pris for alle eigedomskategoriar

2. *Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:*

- Kommunane har ikkje høve til å gi Renovest IKS forskriftsmynde.
Tiltak:
Om ein skal etterkoma dette må ein korrigera/fjerne §16 – andre punktum i gjeldane føresegn, og vedtaka ny/endra føresegn.
- Det er ikkje høve til å differensiere gebyra ut frå sosiale omsyn eller formål.
Tiltak:
Tidlegare styrevedtak (07-2009) avlysast og ordninga avsluttast event. vidareførast direkte i kommunal regi.

3. *I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost, og er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande krav?*

- *Selskapet sin praksis med sjølvkostfond er ikkje i tråd med regelverket. Handtering av fond bør så langt det er praktisk mogleg bli tilpassa regelverket.*
Tiltak:
RV avviklar sine sjølvkostfond, og følgjande avrekningsprinsipp innførast:
 1. Kommunane sit med gebyrintektene, og då skal RV årleg töme sine «overskotskonti» eller tilleggsfakturere til event. dekking av «underskot»
 2. Då kommunane avsluttar sine rekneskap tidlegare enn RV må ein leggje inn ei forsingning med minimum eit år for slike «transaksjonar» / eigalar og IKS'et imellom.

4. *Selskapet bør gjøre eit skilje i rekneskapen mellom kostnader og inntekter som gjeld handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.*

Tiltak:
RV etablerer skilde avdelingar for inntekter/kostnadar i sitt rekneskapssystem, jf. kommentar over.

Frå Renovest IKS sitt held kan ein ikkje sjå det er gjort feilvurderingar i det mottatte utkastet til forvaltingsrevisjonsrapport.

Kviteseid, 19.03.2019

Renovest IKS

Toralf Orekåsa (sign)
Dagleg leiar



Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Lokal avfallsforskrift - heimelsgrunnlag

Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?

Kommunane pliktar å sørge for innsamling av hushaldsavfall og mottak av farlig avfall frå hushalda, jf. forureiningslova § 30. Vidare skal kommunane sørge for å tømme slam frå mindre reinseinnretningar (frå bustadhus og liknande.) både i og utanfor tettbygd strøk, jf. forureiningslova § 26. I tillegg skal kommunen sørge for anlegg for opplag eller handsaming av hushaldsavfall, jf. forureiningslova § 29 tredje ledd. Kommunestyret kan fastsetje lokal forskrift om innsamlingsordninga og gebyrordninga for hushaldsavfall og slam, jf. forureiningslova § 30 og § 34.

Kommunestyret kan i utgangspunktet ikkje delegera mynde til organ utanfor kommunen. Når særlege omsyn talar for det, kan kommunestyret delegera mynde til å treffe enkeltvedtak til interkommunale selskap, jf. forureiningslova § 83. Lovforarbeida seier ikkje noko om kva som er særlege omsyn, og det er difor ikkje grunn til å legge særleg strenge kriterium til grunn for å godta delegering av mynde til interkommunale selskap, dersom kommunen sjølv meiner at det er føremålstenleg.

I forskrifta kan kommunestyret bestemme at den kommunale renovasjonsordninga berre skal gjelde i tettbygd strøk. Ut over dette kan ikkje kommunen på generelt grunnlag frita bestemte brukargrupper frå ordninga, til dømes innanbygds hytteeigarar eller jordbrukseigedomar generelt, jf. lovforarbeida. Det er heller ikkje høve til å bestemme at tømming av slam berre skal gjelde i tettbygd strøk, jf. forureiningslova § 26.

Etter søknad kan kommunen gjere unntak for einskilde eigedomar, slik at eigedomen blir fritatt frå den kommunale innsamlingsordninga, jf. forureiningslova § 30 andre ledd. Unntaket må vurderast individuelt i kvart tilfelle. Ifølgje lovforarbeida siktar ein her til eigedomar som ligg langt unna veg eller elles er vanskelig tilgjengelig, eller eigedomar som ikkje har bygningar. Særlege forhold knytt til den einskilde eigar eller brukar av eigedommen gir ikkje grunnlag for unntak.

I lokal forskrift kan kommunestyret bestemme at visse slag hushaldsavfall skal haldast utanfor den kommunale innsamlinga, og at visse slag avfall skal sorterast ut.

Kommunen må likevel ha eit tilbod om levering av slikt, sjølv om det ikkje blir samla inn av kommunen, jf. t.d. avfallsforskrifta § 11-10 om farleg avfall, og § . Dei lokale forskriftene kan elles gi reglar som er nødvendige for å få til ei føremålstenleg og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av hushaldsavfall, jf. forureiningslova § 30 tredje ledd.

Kommunen skal fullt ut finansiere den lovpålagde handteringen av hushaldsavfall og slam gjennom avfallsgebyr, jf. forureiningslova § 34, og gebyra skal fastsetjast i samsvar med reglane om sjølvkost. Det vil seie at dei samla gebyrinntektene for kommunen ikkje kan vere høgre eller lågare enn dei samla meirutgiftene kommunen har ved å levere renovasjonsordninga.

Eigarane av dei eigedommane som er omfatta av renovasjonsordninga for hushaldsavfall pliktar å betale avfallsgebyr.

Det går fram av lovforarbeida at gebyret i utgangspunktet skal fastsetjast i forhold til kva det kostar å gi tenesta til den enkelte avfallsleverandør. Det er såleis høve til å differensiere gebyret dersom det er grunna i varierande kostnader med å gi tenesta til forskjellige brukargrupper. Kommunen kan likevel ta berekningstekniske omsyn, og ha likt gebyr for alle brukarar. Kommunane bør differensiere avfallsgebyra der dette kan føre til avfallsreduksjon og auka gjenvinning, jf. forureiningslova § 34 andre ledd.

På dette grunnlaget har vi følgjande revisjonskriterium:

- *Den lokale forskriften må vere vedtatt av kommunestyret.*
- *Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe enkeltvedtak til Renovest IKS.*
- *Kommunen kan gi føresegner om at den kommunale innsamlinga berre skal gjelde i tettbygd strøk, og kommunen kan etter søknad unnta bestemte eigedomar frå den kommunale innsamlinga.*
- *Kommunen kan bestemme at visse slag hushaldsavfall skal haldast utanfor den kommunale innsamlinga, at visse slag avfall skal haldast fråskilt, og kan gi nødvendige reglar for å få til ei føremålstenleg og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av hushaldsavfall.*
- *Ingen kan samle inn hushaldsavfall utan etter samtykke frå kommunen.*
- *Kommunen skal sørge for tømming av slam frå mindre reinseinnretningar. Det er ikkje høve til å bestemme at tømming av slam berre skal gjelde i tettbygd strøk.*
- *Kommunen kan gi dei reglane som trengs for å gjennomføre tømming av slam m.v.*
- *Reglane om gebyr må gjelde innsamling og handsaming av hushaldsavfall og slam.*
- *Kommunen kan ikkje ta betalt ut over gebyret for lovpålagde renovasjonstenester.*

- *Kommunen kan velje om ein vil ha likt gebyr for alle abonnentar, eller om ein vil differensiere gebyra etter kva det kostar å gi tenesta.*
- *Kommunen bør differensiere gebyra dersom det kan føre til avfallsreduksjon og auka gjenvinning.*

Sjølvkost - renovasjon

I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost?

Er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande regelverk?

Den lovpålagde handteringa av hushaldsavfall skal finansierast gjennom avfallsgebyr, jf. forureiningslova § 34. Gebyrinntektene skal dekke kommunen sine utgifter til hushaldsrenovasjon, men kan ikkje overstige disse utgiftene.

Våre revisjonskriterium bygger på forureiningslova, avfallsforskrifta og dei to rettleiarane om sjølvkost: ein generell for alle sjølvkosttenester, utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (H-3/14) og ein rettleiar om sjølvkost på renovasjonstenester, utarbeidd av Miljødirektoratet (M-258/2014).

Dokumentere skilje mellom sjølvkost og næring

Renovest IKS leverer sjølvkosttenester (innsamling og behandling av hushaldsavfall) til kommunane som utvida eigenregi²⁷. Det er dermed ikkje konkurrert på prisen. I slike tilfelle må leverandøren (Renovest IKS) sikre sjølvkost i sine tenester til kommunen. Renovest har ikkje høve til å ta meir betalt for tenesta enn det det kostar å levere den, og har heller ikkje høve til å subsidiere sjølvkosttenesta med inntekter frå anna verksemd.

Når selskapet leverer tenester til fleire eigarkommunar, skal kostnadene fordelast etter kommunen sin bruk av tenesta frå selskapet, og ikkje etter eigarbrøk i selskapet.²⁸ Renovest IKS må såleis dokumentere sjølvkost i hushaldsrenovasjonen, og må sikre sjølvkost også i kostnadsfordelinga mellom kommunane.

Ifølgje avfallsforskrifta § 15-4 skal det ligge føre eit separat rekneskap for lovpålagt handtering av hushaldsavfall. Felles kostnader og inntekter skal fordelast, dersom

²⁷ Vilkåra for eigenregi går fram av forskrift om offentlege anskaffingar kapittel 3.

²⁸ Rettleiar om sjølvkost på renovasjonstenester (M-258/2014), kapittel 3.1

kommunen tilbyr avfallstenester i marknaden i tillegg til den lovpålagde handteringen av hushaldsavfall. Felleskostnader/inntekter skal fordelast forholdsmessig mellom dei to rekneskapane. Eit rekneskapsmessig skilje og dokumentasjon av kostnadane/inntektene som blir fordelt til den lovpålagde delen av avfallshandteringen, vil bidra til å unngå kryssubsidiering mellom lovpålagd tenesteyting og kommersiell verksemd. Kostnads- og inntektsfordelinga skal dokumenterast, og skal kunne kontrollerast.

Sjølvkostreglane krev ikkje organisatorisk skilje mellom sjølvkostverksemd og anna verksemd. Det blir lagt til grunn at skiljet skjer for kvar enkelt kostnads- og inntektspost i rekneskapen, og at ein nyttar fordelingsnøklar til å fordele kostnadene og inntektene der direkte fordeling ikkje er mogleg. Ein må kunne grunngi og dokumentere valet av fordelingsnøklar for dei ulike postane. Administrative kostnader som ikkje lar seg fordele direkte til den einskilde rekneskapen, skal fordelast forholdsmessig mellom den lovpålagde aktiviteten og den kommersielle delen.

Dersom kommunen eller renovasjonsselskapet tilbyr tenester knytt til næringsavfall, så skal kostnader og inntekter frå dette vere skilt frå kostnader og inntekter frå tenester som er knytt til hushaldsavfallet. Inntekter frå og utgifter til handtering av næringsavfall er ikkje ein del sjølvkosttenesta, og skal ikkje vere ein del av berekninga.

Kostnadselement og fordeling av kostnader

Kostnaden ved å yte hushaldsrenovasjon er samansett av direkte kostnader, indirekte kostnader og kapitalkostnader. Direkte kostnader er kostnader til arbeid, varer og tenester som kan knytast direkte til produksjon eller kjøp av sjølve sjølvkosttenesta. Dei direkte kostnadene kan alltid leggast inn i sjølvkostberekinga.

Indirekte kostnader er kostnader som ikkje er knytt til sjølvkosttenesta aleine, men som likevel er nødvendige for å få utført tenesta. Dette er gjerne kostnader som kan vere felles med annan tenesteproduksjon, til dømes i ei verksemd som både handterer hushaldsavfall og næringsavfall. Slike felleskostnader er til dømes bruk av felles utstyr og maskiner eller administrative kostnader som fakturering, rekneskap og revisjon.

Fordeling av felles nettokostnader ut frå faktisk bruk vil normalt gi ei rett fordeling av felleskostnadene. Til dømes kan nettokostnadene bli fordelt etter vekta på dei ulike avfallsfraksjonane i samsvar med andelen av lovpålagd og kommersiell aktivitet. Forholdsmessig fordeling av felles nettokostnader basert på faktisk bruk, er konkret, transparent og dokumenterbart. Slik fordeling stettar grunntanken bak kravet om forholdsmessig kostnadsfordeling; å sikre at ein etterlever sjølvkostprinsippet. Tiltaket

kan også vere eigna til å hindre ulovleg kryssubsidiering etter reglene om offentleg støtte.

Kapitalkostnadene er knytte til bruk av eigne anleggsmiddel, og skal bereknast på grunnlag av dei faktiske investeringskostnadene. Det skal bereknast lineære avskrivingar²⁹ av anlegga. Avskrivingane startar normalt året etter at investeringsprosjektet er ferdigstilt.

Kalkylerente

Den som utfører sjølvkostteneste skal også beregne ein rentekostnad for investeringskostnadene. I retningslinene (H-3/14) finn vi eigne reglar for berekning av kapitalkostnader. Kapitalkostnadene skal bereknast utanfor selskapet sin offisielle rekneskap.³⁰ Vidare går det fram av retningslinene at ein skal legge kalkulatoriske renter til kapitalbindinga.³¹ Kalkulatoriske renter skal bereknast uavhengig av om investeringa er finansiert ved lån eller eigenkapital.

Sjølvkostfond

Sjølvkostrekneskapen skal avsluttast med eit overskot eller underskot. Eit positivt resultat (overskot) skal setjast på bunde driftsfond. Eit negativt resultat (underskot) kan motreknast mot sjølvkostfondet dersom det er midlar på fondet. Dersom det ikkje er midlar på sjølvkostfondet, vil ein kunne operere med eit underskot som kan framførast. I følgje retningslinene H-3/14 skal det bereknast renter på sjølvkostfond, og fond skal vere tilbakeført brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år frå fondet oppstod. I følgje retningslinene vil det i utgangspunktet vere naturleg at den eininga som har gebyrinntektene også har fondet (dvs. kommunen, dersom det er kommunen som får inntektene frå gebyra).

²⁹ Lineære avskrivingar bereknar ein ved å ta investeringskostnaden og dele på forventa levetid for anleggsmiddelet. Anleggsmiddelet skal førast i balansen med verdien av investeringskostnaden. Kvart år reduserer ein verdien av anleggsmiddelet med det faste beløpet, til anleggsmiddelet ikkje lenger har nokon verdi i rekneskapen. Avskrivinga fører ein som ein årleg kostnad i driftsrekneskapen.

³⁰ Innanfor sjølvkost skal avskrivningsgrunnlaget bereknast etter nettometoden, altstå med frådrag av eventuelle tilskot, mens avskrivingar etter reknesakslova skal bereknast etter bruttometoden. Årsaken til dette er at abonnentane til sjølvkosttenesta berre skal belastast for den faktiske kapitalbindinga som skjer gjennom ei investering, mens driftsrekneskapet sine avskrivingar skal vise kapitalslit over levetida til anleggsmiddelet.

³¹ Denne kalkylerenta er definert i sjølvkostreglane ved gjennomsnittet av 5-årig SWAP-rente i kalkyleåret tillagt 0,5 prosentpoeng. Kalkylerenta brukar ein i staden for reknesaksførte rentekostnader.

Fordeling av kostnad mellom kommunane

Sjølvkost skal gjelde for «kommunens kostnader». Dersom det er forskjellig kostnadsstruktur i tenesta som selskapet leverer til eigarkommunane etter sjølvkost, skal selskapet sin netto kostnad på sjølvkostområdet fordelast på eigarkommunane i samsvar med kostnadsstrukturen. Dette følgjer av rettleiar for berekning av kommunale avfallsgebyr (M-258, 2014).

Dersom selskapet sine kostnader ved renovasjon i ein kommune er høgare per abonnent enn i ein annan kommune, skal kommunane i utgangspunktet ikkje betale same pris per abonnement. Ulike transportavstandar frå kommunane til behandlingsanlegget skal likevel ikkje føre til ulik kostnad. Grunnen til det er at skilnader i transportavstand kan skuldast at plasseringa av behandlingsanlegget var betre av miljøomsyn, meir kostnadseffektiv, sikra eit betre tilbod enn ei anna lokalisering, eller blei valt som følgje av anbodskonkurranse.

På denne bakgrunnen har vi følgjande revisjonskriterium:

- *Renovest IKS skal føre sjølvkostrekneskap i tråd med retningsliner for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester. Renovest IKS skal:*
 - dokumentere eit skilje mellom hushaldsavfall, næringsavfall og slam
 - bruke relevante fordelingsnøklar
 - beregne kalkylerenter på investering og fond
 - sikre at sjølvkostfond primært skal ligge hos den som har gebyrinntekten (kommunane)
- *Kostnadene skal fordelast til kommunane etter kommunane sin bruk av tenestene*

Gebryberekning - renovasjonsgebyr

I kva grad skjer gebryberekninga i kommunane i tråd med regelverket?

Lovheimel og lokale føresegner om gebyr

Kommunane har ikkje høve til å krevje betalt for lovpålagnede tenester, utan at dette har heimel i lov. Gebyra på dei ulike kommunale tenestene har heimel i dei tilhøyrande lovene. Kommunestyret må sjølv gjere vedtak om nivået på gebyr, jf. kommuneloven § 6, jf. § 10 og § 45.

Gebyr for renovasjonstenestene (inkludert slam) er heimla i forureiningslova § 34, jf. §§ 30 og 26. Reglane gir kommunen rett og plikt til å krevje gebyr for innsamling og

behandling av hushaldsavfall og slam. Gebyret skal fullt ut dekke kommunen sine kostnader med tenesta. Kommunane har høve til å fastsette lokale føresegner om innsamlingsordninga og gebyrberekninga, jf. forureiningslova §§ 30 og 34.

Kostnadsdekning – berekning av sjølvkost

Kommunen skal ha full kostnadsdekning for levering av lovpålagde renovasjons-tjenester (inkludert slam), jf. forureiningslova § 34, men inntektene kan ikke overstige kostnadene. I retningsliner H-3/14 er definisjonen av sjølvkost *den totale kostnadsøkningen en kommune påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste.*

I følge kommunelova § 23 nr. 2 skal rådmannen sjå til at saker til handsaming i kommunestyret er forsvarlig utgreidde. Dette inneber at rådmannen må sørge for ei forsvarlig utgreining av dei forventa kostnadene på dei ulike sjølvkostområda. Ifølgje retningslinene må kommunen utarbeide ein sjølvkostkalkyle (for- og etterkalkyle) for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikkje er høgare eller lågare enn kommunen sin sjølvkost.

Direkte kostnader

Direkte kostnader er arbeid, varer og tenester som blir brukt for å yte tenesta. For kommunar som kjøper sjølvkosttenesta frå andre, til dømes frå eit interkommunalt selskap, er prisen for tenesta den direkte kostnaden, jf. retningslinene for berekning av sjølvkost (H-3/14). Dersom tenesta ikkje er kjøpt i konkurranse med andre, må selskapet dokumentere at prisen for tenesta er til sjølvkost i samsvar med dei same prinsippa som gjeld for kommunen.

Indirekte kostnader

Indirekte kostnader er delar av kostnader som i kommunen sin rekneskap blir ført på andre funksjonar enn funksjonen for sjølvkosttenesta, i samsvar med definisjonane i KOSTRA-rettleiaren³². Det gjeld i stor grad funksjonen for administrasjon og funksjonen for kontroll og revisjon. Indirekte kostnader kan førast på sjølvkostområdet når interntenesta er med på å skape ei heilskapleg teneste for brukarane.

For å finne rett del av dei indirekte kostnadene, skal kommunen bruke fordelingsnøklar. Det beste er å bruke fordelingsnøklar som er direkte knytte til kostnaden, til dømes tal på medarbeidarar i tenesta i forhold til alle tilsette i

³² KOSTRA-rettleiaren er gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med KOSTRA-rapportering (kommune-stat-rapportering) til SSB. KOSTRA er statistikk om kommunar hos SSB.

kommunen for å finne rett del av utgifter til personalbehandling, eller tal på PC-ar i tenesta i høve til alle PC-ar i kommunen for å finne rett del av IT-utgiftene.

Kostnader knytt til administrativ leiing av kommunen og utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for politisk leiing skal ikkje leggast inn i sjølvkostkalkylen. Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggast inn i sjølvkostkalkylen.

Retningslinene (H-3/14) viser dei mest relevante indirekte tenestene (interntenester), kva for kostnader knytt til desse tenestene som kan førast på sjølvkostområda, og kva for fordelingsnøkkelen kommunen bør bruke.

Dersom kontoplanen ikkje er detaljert nok, eller dersom ein ikkje kan fastslå ønska fordelingsnøkkelen, opnar retningslinene for å bruke sjølvkosttenesta sin prosentdel av brutto driftsutgifter.

Kapitalkostnader

Kommunar som kjøper sjølvkosttenesta frå andre, vil ofte ikkje ha kapitalkostnader. Dersom kommunen har kapitalkostnadene knytte til bruk av eigne anleggsmidlar, så skal kostnadene bereknast på grunnlag av dei investeringskostnadene kommunen faktisk hadde. Kommunen skal beregne lineære avskrivingar³³ av anlegga. Avskrivingane startar normalt året etter at investeringsprosjektet er ferdigstilt.

Kommunen skal også beregne ein rentekostnad for investeringskostnadene. Retningslinene (H-3/14) rår til å nytte rentekostnaden på 5-årig swaprente³⁴ pluss eit tillegg på $\frac{1}{2}$ prosentpoeng.

Handtering av overskot

Retningslinene for berekning av sjølvkost (H-3/14) seier noko om handtering av overskot/underskot. For alle sjølvkostområda skal kommunen sette av overskot frå sjølvkostrekneskapen til bundne driftsfond (sjølvkostfond). Eit negativt resultat

³³ Lineære avskrivingar bereknar ein ved å ta investeringskostnaden og dele på forventa levetid for anleggsmiddelet. Anleggsmiddelet skal førast i balansen med verdien av investeringskostnaden. Kvart år reduserer ein verdien av anleggsmiddelet med det faste beløpet, til anleggsmiddelet ikkje lenger har nokon verdi i rekneskapen. Avskrivinga blir ført som ein årlig kostnad i driftsrekneskapen.

³⁴ Swaprente er rente for å bytte ei flytande rente med ei fastrente, eller omvendt. Veldig forenkla kan ein seie at swaprente er den fastrenta bankane betaler når dei har bytta bort flytande rente i marknaden.

(underskot) skal reknast mot sjølvkostfondet i den grad det er midlar på fondet. Eit negativt sjølvkostresultat (underskot) skal framførast mot framtidige overskot av di kommunen skal ha full kostnadsdekning. Kommunen kan framføre eit overskot frå sjølvkosttenesta til et seinare år (innanfor ein viss periode).

Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader mv. slik at gebyra kan vere stabile over tid. Kommunen skal ivareta sjølvkostprinsippet over tid, og kommunen skal sørge for at gebyrinntektene over tid ikkje overstig kostnadene for åra samla.

Kvar sjølvkostområde skal ha sitt eige sjølvkostfond. Midlar på eit fond for eitt gebyrområde kan ikkje nyttast (midlertidig) korkje i sjølvkostrekneskapen eller årsbudsjettet/årsrekneskapen til å finansiere årets underskot på eit anna gebyrområde. Sjølvkostfondet skal ikkje nyttast til finansiering av investeringar.

Kommunen skal rekne ut kalkulatoriske renter av sjølvkostfonda. Rentene skal syne alternativavkastninga som brukarane går glipp av ved at midlane er bundne opp i sjølvkostfond. Utrekningsgrunnlaget vil vere gjennomsnittlig behaldning for det enkelte år. Den kalkulatoriske renta på sjølvkostfondet skal vere lik utrekningsgrunnlaget multiplisert med kalkylerenta.

For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) som hovudregel vere tilbakeført til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Kommunen skal ikkje sette av midlar til eit sjølvkostfond same år som dei bruker av eit sjølvkostfond.

Retningslinene for berekning av sjølvkost (H-3/14) opnar for at kommunen kan ha eit lengre tidsperspektiv enn fem år. Kommunen må vurdere ut frå lokale forhold om det er faglig grunnlag for å strekke perioden for tilbakeføring av overskot ut over fem år. Dette særleg vere aktuelt for sjølvkost på vatn og avlaup, dersom utbyggingstakten er særskilt stor eller liten i ein periode. Kommunen må i slike tilfelle grunngi og dokumentere sitt val.

I følge brev av 06.05.08 frå Kommunal- og regionaldepartementet skal underskot frå sjølvkostregnskapet som ikkje kan dekkast ved bruk av sjølvkostfond, bli vist som ein del av kommunen sitt rekneskapsmessige meirforbruk, dersom kommunen i regnskapsåret ikkje har andre dekkande meirinntekter.

På denne bakrunnen har vi lagt desse revisjonskriteria til grunn for vurderingane våre:

- *Dei direkte kostnadene i kommunen si sjølvkostkalkyle skal vere lik kjøpesummen for tenestene levert av Renovest IKS.*
- *Kommunen skal vurdere og beregne kva for indirekte kostnader i kommunen som høyrer til sjølvkosttenesta.*
- *Kommunen skal handtere overskot/underskot på sjølvkosttenesta i tråd med retningslinene (H-3/14).*
- *Kommunen skal beregne kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar.*

Feieforskrift - heimelsgrunnlag

Er forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje³⁵ i tråd med heimelsgrunnlaget?

Gjennomføring av feiing og tilsyn

Gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg er regulert i forskrift 17.desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17. Her går det fram at kommunen skal sørge for at røykkanalar i fyringsanlegg som blir brukt til oppvarming av byggverk blir feia ved behov, på ein fagleg tilfredsstillande måte. Vidare skal kommunen føre tilsyn med fyringsanlegg ved behov, og alltid etter brann eller eksplosjon.

Forskrifta frå 2015 endrar tidlegare reglar, slik at også fritidsbustader blir omfatta av kravet om behovsprøvd feiing og tilsyn. Minimumsfrekvensen er fjerna, slik at kommunen har høve til å ha lenger tilsyns- og feiefrekvens enn fire år, og kommunen kan ha forskjellige frekvensar vurdert ut frå risiko.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har laga ein rettleiar til forskrift om brannførebygging. Her står det at:

Feiing og tilsyn skal være vurdert for hvert enkelt fyringsanlegg. Det kan være formålstjenlig å fastsette lokale vurderingskriterier for prioritering av feiing og tilsyn.

³⁵ FOR-2017-11-16-2209

Gebyr for feiing og tilsyn

Brann- og ekspløsjonsvernlova § 28 andre ledd gir kommunestyret heimel for å fastsetje lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Forskrifta må fastsetjast av kommunestyret sjølv.

Når det gjeld gebyr, seier rettleiaren at:

Forskrift om brannforebygging regulerer ikke hvordan et eventuelt gebyr skal innkreves. Det er opp til kommunen hvorvidt den ønsker å ha samme gebrysats for alle, eller om man ønsker å differensiere størrelsen avhengig av hyppighet, fyringsanlegg, boligtype eller lignende. Kommunens samlede gebyrinntekter kan kun dekke de utgiftene kommunen har for å utføre tjenesten – det såkalte selvkostprinsippet. Det er kun anledning til å kreve gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

DSB gir informasjon om forskriften på dsb.no: *Ofte stilte spørsmål til forskrift om brannforebygging*, publisert oktober 2016. Her går det fram at kommunen ikke kan krevje gebyr fra eigarar som ikkje har fyringsanlegg.

Dette gir følgjande revisjonskriterium:

- *Den lokale feieforskrifta må vere vedtatt av kommunestyret sjølv.*
- *Gjennomføring av feiing og tilsyn må vere regulert i samsvar med kommunen sine lovpålagde oppgåver.*
- *Gebyra må gjelde lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg som blir brukt til oppvarming av byggverk.*
- *Kommunen kan ha gebyrordning med flatt gebyr eller gebyr som speglar kostnaden ved den tenesta som eigar av fyringsanlegget får.*
- *Forskrifta må regulere gebyra i samsvar med sjølvkostreglene.*

Oppfølging etter forvaltningsrevisjon

I kva grad er kommunestyra sine vedtak etter forvaltningsrevisjonen om sjølvkost på feietenester følgt opp:

vedtak som gjeld Vest-Telemark Brannvernsamarbeid IKS
vedtak som gjeld kvar einskild kommune

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ. Det er administrasjonssjefen i kommunen som skal følge opp vedtak i kommunestyret. Frå kommuneloven § 23:

2. Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ, og deltakarane skal utøve si mynde over selskapet gjennom representantskapet, jf. IKS-lova § 7. Styret i selskapet skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer som er fastsett av representantskapet, jf. IKS-lova § 13.

Dette gir følgjande revisjonskriterium:

- *Rådmannen skal sørge for at kommunestyra sine vedtak blir sett i verk*
- *Deltakarane i interkommunale selskap utøver myndet gjennom representantskapet.*
- *Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtala og andre vedtak og retningsliner som er fastsett av representantskapet.*

Vedlegg 3: Metode og kvalitetssikring

Generelt om forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon³⁶.

Med utgangspunkt i oppdraget frå kontrollutvalet, utarbeider vi problemstillingar og relevante revisjonskriterium, sjå vedlegg 2. Deretter kartlegg og skildrar vi system, praksis eller resultat på aktuelle området i kommunen eller den undersøkte verksemda. Dette blir vurdert opp mot revisjonskriteria. Vurderingane leier fram til konklusjonar og eventuelle tilrådingar.

Den praktiske gjennomføringa

Undersøkinga er retta mot både kommunane som har bestilt rapporten og selskapet Renovest IKS og Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS.

Forvaltningsrevisjonen starta med brev om oppstart til Renovest IKS 14. november 2018. Kommunane fekk brev om oppstart slik; Fyresdal 3. desember - Kviteseid, 14. november – Tokke, 14. november og Vinje 14. november. Av di Seljord kommune ikkje bestilte undersøking av gebyrberekning i eigen kommune og oppfølging av eigne vedtak blei det ikkje sendt oppstartsbrief til kommunen.

Møte om oppstart med Renovest blei halden 27. november 2018.

Datainnsamling og arbeid med rapporten har gått føre i perioden november 2018 til mars 2019.

Innsamling og analyse av data

Undersøking av dei lokale forskriftene har vore gjort ved å vurdere desse opp mot heimelsgrunnlaget, dvs aktuelle lover og forskrifter.

³⁶ Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god communal revisionsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

Som datagrunnlag i rapporten har vi også nyttet andre former for skriftelege kjelder. Dette har vore kommunerekneskap m/noter, sjølvkostrekneskap fra Renovest, vedtak i ulike kommunale organ og selskapsavtalar/årsmeldingar.

På oppstartsmøte med Renovest blei det gitt opplysningar frå leiar om drifta i selskapet og sjølvkortsberekinga. Teksten som er basert på desse opplysningane, samt informasjon frå andre kjelder, er sendt leiar til gjennomsyn/verifikasiing.

Økonomisjefane i kommunane er kontakta på e-post med spørsmål om gebyrberkning og oppfølging av tidlegare vedtak. Tekst som er skriven med bakgrunn i desse svara er sendt til gjennomsyn/verifikasiing.

Spørsmål om oppfølging av vedtak vedr. rapport om Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark er sendt selskapet v/dagleg leiar og kommunane.

Personopplysningar

I samband med denne forvaltningsrevisjonen har vi handsama personopplysningar som namn og e-postadresse til tilsette i kommunen og selskapa. Vi har elles ikkje handsama personopplysningar.

Vårt rettslege grunnlag for å handsame personopplysningar er kommunelova § 78. Vi handsamar personopplysningar slik det går fram av vår personvernerklæring.

Personvernerklæringa er tilgjengeleg på nettstaden vår www.tekomrev.no.

Gyldig og relevant

Med påliteleg meinast at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig, og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga blir gjort på nytt. Vi meiner at rapporten er pålitelig av di det er nytt skriftelege kjelder og av di informasjon gitt av tilsette er verifisert.

Om data er gyldig eller relevant handlar om at ein undersøker de forholda som problemstillingane skal avklare. Vi meiner at de forholda som vi har undersøkt er relevant for problemstillingane.

Kvalitetssikring

I følgje RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er

konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1*

Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester.

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsysteem.

Les du dokumentet elektronisk?

For PC, android nettrett eller Mac

Dette er eit PDF-dokument, som er lagt til rette for Adobe Acrobat Reader. Adobe Acrobat Reader gir påliteleg visning av PDF, og kan lastast ned gratis.

Skal du finne noko raskt?

Du kan sjå innhaltslista til venstre, dersom klikkar på dette ikonet opp til venstre i skjermen.

Klikk på det kapittelet du vil lese for å komme direkte dit i dokumentet.



Du kan også søke etter ord i teksten. Tast Ctrl+F på PC, eller Cmd+F på Mac. Søkefeltet vil dukke opp, og du kan skrive inn det aktuelle ordet.

Lese på iPad?

På iPad kan du lese dokumentet i iBooks.



Last ned rapporten frå e-posten, og opne den i iBooks.

Importer med iBooks
– Klikk på ikonet
– Dokumentet legges i biblioteket

I iBooks kan du bla gjennom rapporten side for side, eller du kan hoppe til den sida du vil ved å bruke sidevisning. Sidevisning vel du frå toppen av skjermen (feltet til venstre i ikonet). Det er også mogleg å navigere frå innhaltslista – det vel du også frå toppen av skjermen (feltet i midten av ikonet).



[Klikk her for å gå tilbake til framsida](#)